

Høgdegarden Stigen i Aurlandsfjorden

Eit viktig kulturlandskap i Verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap,
delområde Nærøyfjorden



**Skjøtsel av kulturlandskap og tilrettelegging for friluftsliv
Tiltaksplan for vegen som tursti, gardsveg og kulturminne**

Tittel: Høgdegarden Stigen i Aurlandsfjorden; Eit viktig kulturlandskap i Verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden. Skjøtsel av kulturlandskap og tilrettelegging for friluftsliv; Tiltaksplan for vegen som tursti, gardsveg og kulturminne.	Rapportnr: 3 - 2008
Referanse: Bøthun, S. W. 2008. Høgdegarden Stigen i Aurlandsfjorden; Eit viktig kulturlandskap i Verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden. Skjøtsel av kulturlandskap og tilrettelegging for friluftsliv; Tiltaksplan for vegen som tursti, gardsveg og kulturminne. Aurland Naturverkstad rapport 3-2008.	Dato: 11.03.2008
Oppdragsgjevar: Statens Naturoppsyn og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Prosjektansvarleg, oppdragsgjevar: Rein Arne Golf (SNO) og Tom Dybwad (FM Sogn og Fjordane)
Referat: Rapporten tek føre seg eit av områda med stor verdi som kulturlandskap i Nærøyfjorden landskapsvernombordet, peikt ut i forvaltingsplanen for verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden som eit prioritert område for skjøtsel. Rapporten dokumenterer verdiar i området knytt til tema som landskap, friluftsliv, biologisk mangfald, næringsverksemd og kulturhistorie. Det vert greia ut om tilstanden på ulike delar av kulturlandskapet, og på den bratte stien frå fjorden, som er einaste tilkomstveg til garden. Rapporten inneheld vidare ein tiltaksplan med tilrådingar til tiltak for vedlikehald av tilkomstvegen, skjøtsel av kulturlandskapet og enkle tilretteleggingstiltak for friluftsliv.	
Stigen er eit svært viktig landskapselement i verne- og verdsarvområdet. Planområdet har stor verdi for friluftsliv, og kulturlandskapet er rikt på ulike kulturmarkstype. Variasjonen i kulturmarkstype gjev området eit høgt biologisk mangfald, samstundes som delar av det og har ein stor artsrikdom i seg sjølv. Til tiltaksplanen fylgjer kartvedlegg som syner kulturmarkstype, tilrådingar til skjøtsel etter ei praktisk inndeling av teigar, prioritering av dei ulike teigane, lokalisering av problemområde på stien /gardsvegen og lokalisering av tilrådde tilretteleggingstiltak for friluftsliv.	
Forsideillustrasjon: Øv: utfordrande parti på garsdvegen. Øh: Frå innmarka på Nedste stigen. M: Stigen frå fjorden. N: Eng med prestekrage på Stigen.	Emneord: Kulturlandskap Landskap Biologisk mangfald Friluftsliv
Utarbeidd av: Siri Wølneberg Bøthun	Dato: 11.03.2008
Kontrollert av: Marte Tørud Håland	Dato: 04.04.2008
ISBN: 978-82-8199-002-9	
Produsert av: Aurland Naturverkstad BA Postboks 27 5741 Aurland Tlf. 57633026, Fax: 57633516 e - post: kontorpost@aurland-naturverkstad.no	

Forord

Denne rapporten er ein plan for kulturlandskapsskjøtsel og tilrettelegging for friluftsliv ved høgdegarden Stigen, lokalisert i fjordsida over Aurlandsfjorden. Dette området er eit særleg viktig kulturlandskap innanfor Nærøyfjorden landskapsvernområde, som ligg i Verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden.

Aurland Naturverkstad har hatt i oppdrag frå forvaltingsmynda å utgreie verdiane og å sameine dei ulike interessene knytt til Stigen i ein skjøtsels- og tilretteleggingsplan.

Planen er utarbeidd av Siri W. Bøthun ved Aurland Naturverkstad, på oppdrag for Statens naturoppsyn (SNO) Aurland og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Han er arbeidd fram i dialog med oppdragsgjevarane og dei aktive brukarane på Stigen. Grunneigarar har vore med på synfaring og/eller arbeidsmøte og har kome med verdifull faktainformasjon og gode innspel.

Kulturminneavdelinga ved Sogn og Fjordane fylkeskommune har vore informert undervegs i arbeidet med planen, og har delteke på arbeidsmøte i samband med planen. Aurland kommune har også vore inviterte til å delta i prosessen.

Ansvarleg hjå Fylkesmannen har vore Tom Dybwad, ansvarleg hjå SNO har vore Rein Arne Golf. Kontaktperson ved Sogn og Fjordane fylkeskommune, avd. for kulturminne har vore Knut Åland og kontaktpersonar for Aurland Kommune har vore Erling Oppheim. Brukarane på Nedste Stigen, Dee Cunningham og Hege Strømme har vore særleg viktige informantar både i høve dagens tilstand og i høve naudsynte tiltak.

Alle foto er tekne av Siri Wølneberg Bøthun med unntak der dette er nemnt.

Aurland 11.03.2008

Siri Wølneberg Bøthun

INNHOLD

1	INNLEIING	8
2	FORMÅL	9
3	METODE	9
3.1	Kunnskapsinnsamling	9
3.1.1	Registreringar av tilstand og behov på vegen	10
3.1.2	Registrering av vegetasjon	10
3.2	Utforming av skjøtselsplan	10
3.2.1	Inndeling i delområde	10
3.2.2	Mål og tilrådingar	10
4	OMRÅDESKILDRING	11
4.1	Lokalisering og avgrensing	11
4.2	Kort om historia	11
4.3	Naturtilhøve	12
4.3.1	Geologi og landskap	12
4.3.2	Vegetasjonstypar	13
4.4	Verdiar	15
4.4.1	Landskap	15
4.4.2	Kulturlandskap og kulturhistorisk verdi	15
4.4.3	Biologisk mangfold	16
4.4.4	Friluftsliv	17
4.4.5	Næring	19
5	DAGENS TILSTAND; VEGAR, TILRETTELEGGING OG VEGETASJON	20
5.1	Hovudvegen	20
5.2	Andre ferdslevegar	22
5.3	Tilretteleggingstiltak	22
5.4	Delområde 1, Beite langs fjorden	23
5.5	Delområde 2, Nedste Stigen	25
5.6	Delområde 3, Slatte- og hagemark mellom gardane	29
5.7	Delområde 4, Øvste Stigen	31
5.8	Delområde 5, Stølar, haustingsskog og hagemark	33
6	TILTAKSPLAN	35
6.1	Tiltak på hovudvegen	35
6.2	Tilretteleggingstiltak	36
6.3	Skjøtsel av landskap og vegetasjon	40
6.3.1	Delområde 1: Beite langs fjorden	40
6.3.2	Delområde 2: Nedste Stigen	40
6.3.3	Delområde 3: Slatte- og hagemark mellom gardane	42
6.3.4	Delområde 4: Øvste Stegen	42
6.3.5	Delområde 5: Stølar, haustingsskog og hagemark	43

VEDLEGG:

Vedlegg 1: Verneforskrift for Nærøyfjorden Landskapsvernområde

Vedlegg 2: Tabelloversikt over skjøtselsteigar

Vedlegg 3: Plankart; tilrådingar til tiltak, vegetasjon

Vedlegg 4: Plankart; tilrettelegging for friluftsliv og problempunkt på vegen, nedre del

Vedlegg 5: Plankart; tilrettelegging for friluftsliv og problempunkt på vegen, øvre del

Vedlegg 6: Temakart; Kulturmarkstypar

Vedlegg 7: Temakart; Prioritering av skjøtselsteigar

1 Innleiing

Stigen er ein høgdegard som ligg langs Aurlandsfjorden i Aurland kommune, Sogn og Fjordane fylke. Garden ligg innanfor Nærøyfjorden landskapsvernområde (verna i Kgl. res. 08.11.2002), som er ein del av sørområdet i Verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap (innskrive på UNESCO si verdsarvliste 14.07.2005, under det 29. verdensarvkomitémøte). Forvaltingsplanen for Nærøyfjordområdet (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 2008) peikar på Stigen som eit prioritert område for skjøtselstiltak både med omsyn til kulturlandskapet og for friluftsliv.

Garden med innmarker, saman med den aktivt drivne beitemarka langs fjorden, er eit viktig landskapselement i Aurlandsfjorden. Bevaring av landskapet på- og kring Stigen er vesentleg for opplevinga av landskapet i verdsarvområdet. Innslaget av kulturlandskap i det dramatiske fjordlandskapet er ein av dei verdiane som særpregar området og som skil Vestnorsk fjordlandskap frå andre område i verden med naturskjonne fjordar. Ein finn eit høgt biologisk mangfald og viktige kulturhistoriske dokument i form av bakkemurar, vegar og andre kulturlandskapselement knytt til garden.

Gardane har både intensivt drive innmark, i dag dels naturenger og dels fulldyrka mark, og ekstensivt drivne slåtteteigar (i området mellom dei to brukene). I utmarka finn ein stølar og område nytt til beite og lauving. For å formidle garden og den driftsforma ein tradisjonelt har nyttet lyst ein sjå innmark og utmark i samanheng. Gardane er grunna lokaliseringa ikkje aktuelle for tradisjonell, aktiv drift. For å halde areala i hevd og ta vare på biologisk mangfald, landskapsverdiar og garden som eit kulturhistorisk dokument, er det naudsynt å sette inn skjøtselstiltak. Eit svært viktig tiltak er og vedlikehald av gardsvegen, dvs. stien frå fjorden og oppover fjordsida opp til gardsbruken. Vegen er svært bratt, og utsett for skade frå steinsprang, ras, vassgraving og utglidning av murar.

Ingen av dei to brukena har fast busetnad, og drifta ved Øvste Stigen vart lagt ned i 1973. Gardsdrifta ved Nedste Stigen vart avvikla i 1968, men garden vart på 90-talet teken i bruk i opplevingsturisme, og tilbyr overnatting, servering og naturoppleving. I samband med denne drifta har delar av innmarka vore skjøtta ved slått, og det har vore beiting med ein liten flokk geiter. Det finst ikkje geiter her i dag, men brukarane har ynskje om å igjen etablera ein liten flokk. Attgroing er eit reelt trugsmål for begge brukena. I dag har attgroinga kome lengst på Øvste Stigen, som ikkje har hatt jamnleg slått eller beite sidan 1978. Attgroinga er også i god gang i innmarka på Nedste Stigen på dei minste sentrale teigane.

Desse eigedomane er involvert i planen:

Gnr. 53/1 Øvste Stigen

" 53/2 Nedste Stigen

Areal langs fjorden tilhøyrande eigedomar i Undredal: Gnr. 51 bnr 15, 16, 27 og 43

2 Formål

Formålet med denne utgreiinga er å ha ein plan for skjøtsel av kulturlandskapet kring Stigen. Sentralt i dette er m.a. skjøtsel og vedlikehald av stien frå fjorden og opp, då denne er både gardsveg og ein mykje brukt tursti. Eit delmål med planen er å legge til rette for ”det enkle friluftsliv”. Ein vil søkje å minimalisere konfliktar mellom næringsverksemd og alminneleg utøving av friluftsliv, som kan kome med den stadig aukande bruken av området i friluftssamanheng. Planen peikar på verdiar i området og naudsynte tiltak for å synleggjere og ta vare på desse.

Planen plasserer ikkje ansvar, men er meint som eit rettleiande hjelpemiddel både for statleg forvalting av verneområdet, kommunal forvalting av friluftslivsressursar. Han er og meint som ei støtte for grunneigarar og andre som ynskjer å ta vare på kulturlandskaps-, landbruks-, og friluftslivsverdiar i området i samarbeid med den offentlege forvaltinga.

Det er i planen gjort prioriteringar, tilrådingane er dels tilpassa til kva ein ser som praktisk mogleg å kunne gjennomføre. Ein skjøtsel tilsvarannde full drift vil være for ressurskrevjande. Område der eigarane har eigeninteresse i å halde aktiv drift fell saman med areal som landskapsmessig er mellom dei viktigaste. Desse areala er gjeve høg prioritet.

3 Metode

3.1 Kunnskapsinnsamling

Viktigast i innsamlinga av kunnskap om området har vore intervju av eigarane ved dei to gardsbruka på Stigen, det vil dermed seie både aktive brukarar og tidlegare brukarar. Grunnlaget for skildringa av dagens tilstand er m.a. tre synfaringar (to om sommaren og ein seint om hausten), to av desse ilag med lokale informantar (eigarar). Det har og vore henta stoff frå litteratur, kartstudie og studie av flyfoto.

Første synfaring vart gjort 18.06.2007, i lag med grunneigar og brukar Dee Cunningham og Rein Arne Golf frå SNO. Hovudfokus for synfaringa var tilstanden på vegen og å få oversyn over dei ulike kulturmarkstypane i området. Andre synfaring var gjennomført aleine 21.06.2008. Hovudfokus var registreringar av dei ulike engene på Stigen. Tredje synfaring vart gjennomført 01.11.08. Dette var ein fellessynfaring. Grunneigarar, fylkesmannen og SNO deltok på synfaringa. Hovudfokus var konkrete skjøtsels- og restaureringstiltak på både vegetasjon og på vegen, samt konkrete tilretteleggingstiltak. I tillegg til synfaringane har det vore halde arbeidsmøte med alle involverte partar samt dialogar gjennom telefon og e-post.

Det er ikkje føreteke registreringar av insekt og andre virevellause dyr (evertebratar), systematisk vegetasjonskartlegging eller konkrete registreringar av historiske strukturar i kulturlandskapet utover vegar og stiar.

For den historiske bruken er det henta stoff i Aurland bygdebok; Undredal og Nærøy gard og ætt (Ohnstad 2006) og lokale informantar. Det er ikkje kjent at nokon av kulturminna er registrerte i noko arkiv utover SEFRAK registeret (bygningar sett opp før 1900). Det er lånt inn eldre flyfoto, tekne i 1971. Då var bruken mykje meir intensiv enn i dag, og dei gamle slätte- og beitemarkene og strukturane i landskapet kjem godt fram.

Anslag over bruken i friluftslivssamanheng er gjeve av brukarane ved Nedste Stigen og fylkesmannen (forvaltaransvar for verneområdet og redaktør av m.a. turkart for Nærøyfjordområdet).

3.1.1 Registreringar av tilstand og behov på vegen

Vegen til Stigen er kartfesta dels gjennom Økonomisk kartverk. Traséen er ufullstendig kartfesta, og delar er teikna inn på frihand. Det er ikkje mogleg å registrere vegtraséen ved hjelp av GPS grunna dårlige tilhøve for mottak av satellittmottak. Problempunkt er observert og fotografert i felt, og i stor grad peikt ut under synfaring av brukarane ved Nedste Stigen. Desse er kartfesta i høve til vegen sitt forløp og terrenget etter beste skjønn.

3.1.2 Registrering av vegetasjon

Innmarksareala innanfor avgrensinga for planen er synfart med tanke på vegetasjon. Det er gjort notatar på artsinnhaldet i ulike teigar og delområde, og areala er delt inn etter engtype på grunnlag av dette. Registreringane er ikkje fullstendige. Prosjektet har ikkje hatt rom for å gjennomfört analysar med statistisk handsaming. Inndelinga er gjort etter skjønn, ut frå fukt – tørke-gradientar, grad av oppdyrkning og/eller gjødsling, evt. teikn på kalkførekomst og kva for karplante som dominarar. Inndelinga i Fremsstad (1997) er nytta der det har vore mogleg å bestemme enga til nokon særskilt type. Typane er i plansamanheng (skjøtselskartet) samla i større grupper for å kunne gi ein meir lettfatteleg og praktisk inndeling. Registreringane er heller ikkje så nøyaktige at bestemming til engtype i alle tilfelle er heilt eksakt. Fleire plassar gjer attgroing det vanskeleg å bedømme kva slags eng ein har hatt opphavleg.

3.2 Utforming av skjøtselsplan

Dei føreslegne skjøtselstiltaka har kome fram i dialog med både brukarar og forvaltning, mellom anna gjennom møter og den arrangerte fellessynfaringa nemnd over.

3.2.1 Inndeling i delområde

For å få ein praktisk tilnærming til skjøtselen er dei utpeikte areala for skjøtsel delte inn i delområde, som vidare er delt inn i mindre teigar. Kvar teig har fått sine spesifikke tilrådingar til skjøtsel. Det er ikkje tatt omsyn til eigedomsgrensar ved inndelinga av skjøtselsteigar. Skjøtselsteigane er ikkje konsekvent identiske med gamle teigar, men ein har freista å ikkje dele same teig mellom to skjøtselsteigar.

3.2.2 Mål og tilrådingar

Måla for dei einskilde skjøtselsområda er sett ut frå ynskje om å gjenskape eit ope og stelt kulturlandskap, der ein kan finne element som vitnar om den lange kontinuiteten på gardsdrifta. Biologiske og landskapsmessige verdiar har vore viktigaste kriteria for val av skjøtselsmetode og prioritering mellom teigane, men praktiske tilhøve har også spelt ei rolle. Det er ikkje noko mål for planen tilbakeføre innmarka til nokon utvald tidsepoke. Ein slik skjøtsel vil og krevje svært store ressursar til landskapspleie, og vil være urealistisk å få gjennomført. I tilrådingane til konkrete tiltak har ein henta råd for skjøtselstiltak i Skjøtselsboka (Norderhaug 1999).

For tiltak på vegen er det gjeve prioritet til tiltak naudsynte for tryggleiken og tiltak som hindrar vidare forfall. Det er også tilrådd tiltak som er viktige for bevaring av vegen som kulturhistorisk dokument, men desse tiltaka er ikkje gjeve høgste prioritet.

4 Områdeskildring

4.1 Lokalisering og avgrensing

Planområdet ligg på vestsida av Aurlandsfjorden, like sør for fjordskiljet der Nærøyfjorden skjær seg sør-vestover frå Aurlandsfjorden. Planen strekk seg frå gjelet Koldegrypjo, som markerar skiljet mellom Stigen og Undredal sitt slåttemarksområde Stokko, og nordover ut til Beitelen. Beitelen er den fjellformasjonen som skil Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden. Sørover langs fjorden finn me bygda Undredal, og fylgjer ein fjorden vidare innover, forbi ein skarp sving sør og sør-vestover, kjem ein til Aurlandsvangen og til sist inn til Flåm.

Planen tek føre seg kulturlandskapet f.o.m. beitebakkane langs fjorden, dei to gardsbruka på Stigen og kulturlandskapslement i utmarka som vår, haust og sommarstøl og utvalde område med lauvingsbjørker. Sjå plankart i vedlegg 3 for oversyn over skjøtselsområde.

4.2 Kort om historia

Gardssoga er nedteikna i Aurland bygdebok, Undredal og Nærøy gard og ætt (Ohnstad 2006). Hovuddelen av kapitlet er henta herfrå.

Garden Stigen er ein høgdegard, og namnet speglar enten plasseringa i terrenget, det at garden stig bratt opp frå fjorden eller den smale bratte stien opp til garden saman med ordet for trapp eller stige. Ohnstad (2006) ser det som svært truleg at garden var i drift allereie før svartedauden. Han låg truleg brakk i 250 år etter svartedauden. Første skriftlege kjelder er frå 1612, då garden er registrert i tiendelista. Etter 1650 har det tidvis vore to familiar på garden, men først etter 1700 vart det to bruk med stabil busetjing. Kva for gard som har vore busett først kjem ikkje fram.



Figur 1 Øvste Stigen i drift. Avfotografering av foto som heng på Nedste Stigen frå tidleg 1970 tal. Merk kor stor avlinga har vore!

Garden har vore drive med åkerdrift (korn og etter kvart poteter) og dyrehald. Garden har hatt eit lågt folketal i høve storleiken, og avlingane pr. arealeining har vore store. Ein hausta på slåtteengene kring 230 kg. høy pr. mål, noko som er høgt samanlikna med til dømes Hjøllo i Undredal, som fekk 170 kg. pr. mål. Stigen fekk ein større del av foret frå innmarka enn t.d. gardane i Undredal.

Bygdeboka nemnder at ein har lauva på Stigen heilt fram til etter 1960. Korndyrkinga har og helde fram lengre enn vanleg på andre gardar i Aurland, og ein dyrka korn fram til etter krigen. Geit har vore viktig husdyr frå minst 1845.

Garden har tre stølar; Åsen, Fristølen og Fjellstølen. Fjellstølen vart nedlagt allereide kring 1890 grunna tungvinn drift. Åsen har vore vår- og hauststølen medan Fristølen (og tidlegare Fjellstølen) vart nytta midt på sommaren.

Vegen i berget under Stigen vart skoten ut i 1890 åra. Før dette gjekk ein stige / bratt trapp i tre forbi den første bergskrenten over fjorden. Trappa var så solid at hestar kunne gå i han.

Drifta på Nedste Stigen vart lagt ned i 1968. Garden vart kjøpt av eit ung par frå Bergen/Sauda i 1966. Dee Cunningham og Hege Strømme kom til Stigen i 1991. Dei fekk sjøte på garden i 1993. Paret hadde ein liten geiteflokk, og byrja også å slå dei beste teigane på innmarka. Nokre av dei mest urterike engene vart og slege for å freiste å halde på artsmangfaldet.

Øvste Stigen var i full drift fram til 1972. Då flytte folket frå garden, men jorda vart driven fram til 1978. Øvste Stigen er etter dette berre nytta i fritidssamanheng, i hovudsak i samband med jakt. Det har vore slege litt tilfeldig kring husa år om anna.

4.3 Naturtilhøve

4.3.1 Geologi og landskap

Overordna landskap

Garden Stigen ligg innanfor eit stort overordna landskapsrom som er danna av Aurlandsfjorden. med omliggande bratte lisider og fjell. Garden ligg høgt oppe i lisida, som dannar den vestlege avgrensinga av dette overordna landskapsrommet, slik at ein på sjølve garden har ein brå og bratt avslutning av landskapsrommet mot vest medan ein har vidt utsyn dei andre retningane. Utsynet varierar avhengig av dei underordna landskapsromma danna av småformar og vegetasjon, men frå tuna og store delar av innmarka er eit vidt utsyn eit viktig element i landskapsopplevelinga.

Stigen er eit svært viktig landskapselement i Aurlandsfjorden. Nedste Stigen ligg lengst ut mot kanten, og er det tunet ein ser tydelegast nedanifrå. Heile garden utgjer eit kulturlandskap som saman formar det heilskaplege landskapselementet. Både innmarka og dei opne, bratte beitebakkane mellom Nedste Stigen og fjorden er svært viktige delar av dette.

Berggrunn

Berggrunnen i området består i hovudsak av bergartar frå Jotun-Valdresdekkekoplekset, beståande av eit felt med bergartane mangeritt til gabbro, gneis og amfibolitt. Den bratte lisida nedover mot fjorden består av mangerittisk gneis. Desse bergartane inneholder alle plagioklas, eit kalkhaldig mineral. Plagioklasen i mangeritt og gabbro er dessutan karakterisert som "kalsiumrik" (kjelde: GeoLeksi, geologisk leksikon på nett). Ved forvitring vil dermed

berggrunnen kunne frigje ein del kalk. Dette gjenspeglar seg dels i floraen, t.d. gjennom forekomst av vegetasjonstypen middels baserik eng (nokre kalkelskande planter, men ikkje dei aller mest krevjande artane). Ovanfor garden, på kring 400 moh, går ein forkastning (anteke skyveplan). Kløfta / elva Kolda ligg i ei oppknust sone, noko som vil gje gode tilhøve for forvitring av bergartane.

Innmarkene på Stigen er mange plassar høvesvis friske. Tørke er eit mindre problem enn ein skulle tru, av di berget har ein god del vassårer.



Figur 2 Store delar av geitebeitet langs fjorden ligg på rasmark, berggrunnen frigje kalk til ein til dels kalkkrevjande flora.

Lausmassar


Typisk for området er bart fjell, evt. med tynt lausmassedekke. Nedanfor gjela der Kolda og Stegelvi kjem ned finn ein kjegler med skredmateriale. Ein har to små felt med morenemateriale i tynt dekke i området. På det eine av desse finn me innmarka på Stigen, og på den andre finn me sommarstølen Fristølen.

4.3.2 Vegetasjonstypar



Figur 3 Areal med lauva bjørk har gras og urter i feltsjiktet. Her frå haustingsskog nord for Stegelvi.

Fjordsidene kring Stigen er dominert av stupbratte berg med lite vegetasjon. Langs fjorden går ein varierande brei sone med rasmark. Rett under Stigen finn ein her engvegetasjon, halde i hevd ved geitebeite. Tilsvarande soner langs fjorden utan beite har ulike skogstypar, med mykje gråor-heggeskog, og edellauvskog på dei lunaste lommene. På motsett side av fjorden ligg m.a. ein edellauvskog med reine bestandar av eldre lindetre i lune rasmarker, og om ein rundar Beitelen kjem ein til ein av dei mest velutvikla edellauvskogane i Nærøyfjorden (av typen alm-lindeskog). På motsett side av fjorden har ein og eit større område med naturbeitemark, skapt, og halde ope ved geitebeite. Beitepresset her er i dag sterkt redusert, og areala med opne beiter minkar.



Figur 4 På veg mot Beitelen treff ein på einskilde omfangsrike, gamle furutre.

Høgare opp i terrenget dominerer bjørkeskog, brote opp av gråorskog på dei friskaste partia. Skrinnare parti, som til dømes større felt i dei høgaste delane av Beitelen, står eldre furuskog og blandingsskog med bjørk og furu. Bjørkeskogen er fattig blåbærskog varierande opp mot noko rikare type med innslag av gras og typiske skogsurtar. Han har tidlegare vore beita, noko som gjer at ein stadvis har ein eit høgare innslag av graminider (gras og halvgras). Dette gjeld særleg område med tett bestand av lauva bjørk. Dei fleste skogsareala har likevel gått tilbake til å vere meir upåverka skogbotn. Bjørkeskogen nedanfor innmarka på Øvste Stigen (ikkje prioritert til å verte inkludert som skjøtselsområde grunna lokaliseringa) er mellom hagemarkane som framleis i stor grad har eit gras- og urtedominert feltsjikt.

4.4 Verdiar

4.4.1 Landskap

Garden med innmarker, saman med den aktivt drivne beitemarka langs fjorden, er eit viktig landskapselement i Aurlandsfjorden (sjå til dømes framsidebilete). Bevaring av landskapet på- og kring Stigen er vesentleg for opplevinga av landskapet i verdsarvområdet. Heile garden utgjer eit kulturlandskap som saman formar det heilskaplege landskapselementet. Både innmarka og dei opne, bratte beitebakkane mellom Nedste Stigen og fjorden er svært viktige delar av dette. For ei skildring av det overordna landskapet sjå kap. 4.3.1, Geologi og landskap.

4.4.2 Kulturlandskap og kulturhistorisk verdi

Kulturlandskapet er variert, her er både beitebakkar, fulldyrka mark og små, fattigare slåtteteigar. Hagemark med bjørk og utmark med stølar og haustingsskogar dannar ein heilskap som godt dokumenterar produksjonssystemet ved garden.

Området har stor kulturhistorisk verdi, og intensiv utnytting av areala syner godt att i kulturlandskapselement som bakkemurar, hagemark haustingsskog og vegar. Særleg området mellom dei to gardane har eit omfattande system av bakkemurar.



Figur 5 Lita eng i området mellom gardstuna. Enga ligg på bakkemurar og er omkransa av lauva bjørketre.

Gardsvegen er, samanlikna med tilsvarande bratte vegar i fjordlandskapet, godt bevart. Vegen er og eit viktig kulturhistorisk dokument. Bevaring av vegen i sin opphavlege form er ein viktig del i bevaringa av garden sin identitet.

Tuna er autentiske, og har gamle bygningar. Det er ikkje gjort registreringar av bygningsmassen i samband med denne rapporten, men mange av husa har openberr kulturhistorisk verdi. Fleire bygningar og ein rekke ruinar (oftast grunnmuren som står att) er SEFRAK registrerte (nasjonalt register over bygningar sett opp før 1900). I tuna gjeld dette låven på Øvste Stigen og to brønnhus, eit eldhus, ei nedrast lœ, ein ubestemt bygning og låven (som dessverre er nedbrenne), på Nedste Stigen. På Nedste Stigen er to lœr i innmarka og SEFRAK registrerte, kor den eine er restaurert og sett i stand som overnattingseining. Bustadhusa er i høvesvis god stand, og på Nedste Stigen er bustadhuset restaurert fyrste halvdel av 90-talet. Det er og SEFRAK registreringar på stølane.

4.4.3 Biologisk mangfald

Området har eit høgt biologisk mangfald, med stor variasjon i engtype, frå tørre til friske typar, og både fattige og middels rike enger. Ein finn innmark og beitemark i alle suksesjonstrinn, frå god hevd, via attgroing med nitrofile artar til område der skogen no tek att areaala.

Ein har fleire mindre einingar med enger som vil kunne kallast urterike. Delområde 1 og dei nedste teigane i delområde 2 utmerkar seg her, særleg med tørrenger. Nokre av dei litt friskare engene med høgt innslag av høgstauder har og ein høgare biologisk verdi enn andre enger. Både delområde 2 og delområde 4 har slike enger. Mange av desse er i byrjande attgroing, og skjøtsel ved slått vil kunne bringe tilbake opphavlege artar (sjølv om nokre av desse engene truleg har vore gjødsla med kunstgjødsel, og dermed vil ha eit mindre potensial for mangfald i frøbanken).



Figur 6 Tørrbakker på veg opp mot Stigen. Innfelt: Seksflekket bloddråpesvermar, fotografert på staden.

Særleg viktig mellom engene er øvre delar av beitebakkane langs fjorden (teig 1.3), kor ein m.a. finn velutvikla engvegetasjon med vegetasjonstypen tjæreblomeng (G7, Frisk/tørr

middels baserik eng og tørreng, undertype G7a Engtjæreblomutforming i Fremstad (1997)). G7a er ei trua vegetasjonstype i Noreg, med status som sterkt til akutt trua (EN – CR) (Fremstad og Moen 2001). Engtypen finst mellom anna i soleksponerte bratte bakkar i indre fjordstrok på vestlandet. Ein har difor her i Sogn eit ekstra ansvar for å ta vare på denne naturtypen.

Tørrengene på Stigen er og rike på insekt. Særleg har delområde 1 og delområde 2 høgt artsinnhald av urter, og er viktige for engtilknytte og varmekjære insekt. Frå fjorden og opp har ein eit svært stort potensial for varmekjære insekt knytt til engsamfunn. Her finn ein m.a. ein stor bestand av bloddråpesvermar. Seksflekket bloddråpesvermar, *Zygaena filipendulae* (Linnaeus, 1758) er påvist og fotodokumentert. Dette er den vanlegaste av bloddråpesvermarane, med hovudutbreiinga på søraustlandet. På vestlandet er han sjeldan nord for Rogaland. Pr. 2002 var det berre eitt funn i Sogn (Årdal i 1939) (Faktaark fra webpresentasjonen ”Norges Sommerfugler”)

I kantsona i øvre delar av innmarka på Nedste Stigen finn ein og ein variert urteflora. Her veks mellom anna orkideen skogmarihand. Skogmarihand er ein meir sjeldan og meir krevjande underart av flekkmarihand, arten føretrekk m.a. kalkhaldig jord.

Nedanfor tunet, i teig 2.7 og i nordenden av teig 2.4, veks nattfiol, som er ein orkidé som kan førekomme i slått eller beita engvegetasjon. Engtypen i teigen er G4a, (frisk fattigeng, vanlig utforming). Det vart tald 44 eksemplar i bloming over eit lite, avgrensa areal i juli 2007. Også i nordenden av teig 2.4 (like under) finn ein nattfiol.

4.4.4 Friluftsliv

Stigen er viktig i friluftslivsamanheng. Plassen er eit ynda mål for kajakpadalarar, og talet på padalarar som går i land er stadig aukande. Kaia nede ved fjorden er utgangspunkt for fotturar både for dei som vil besøke Stigen og for fjellturar.

Viktige turmål:

- Beiteben - eit populært utsiktspunkt, ofte nytta i marknadsføringa av fjordturisme, med fantastisk utsyn utover Aurlandsfjorden heilt til han møter Sognefjorden, og innover Nærøyfjorden
- Fjellstolen –nedlagt stol over Stigen, ruinar etter bygningane er framleis synlege, stien går via Fristølen
- Undredal - ein umerkt, men tydeleg sti mellom Stigen (via Fristølen og Fjellstolen) og stølen Hovdungo, vidare stølsveg (sti) ned til Undredal.
- Det er og nokre som går til eller kjem fra Grindafletene (ei hytte i fjellområdet mellom Nærøyfjorden/Nærøydalen og Aurlandsfjorden/Flåmsdalen, i DNT-rutenettet) sjølv om det ikkje finst verken sti eller merking for denne turen.
- Toppturar - fjellområdet ovanfor Stigen har fleire fine fjelltoppar som mål for toppturar, Stiganosi (1761 moh og høgste fjelltoppen i verdsarvområdet) er den mest kjende.

Det er også vanleg å gå andre vegen, dvs. kome over fjellet og ned til fjorden, for så å verte henta her.



Figur 7 På kaia står eit skilt som syner retninga mot ulike turmål.

Det finst ikkje talfesta registreringar på trafikken opp til eller forbi Stigen. Berekna ut frå tal og storleik på fotturgrupper som passerar, og grupper som vitjar garden, er det minst 1000 personar som går stien mellom fjorden og garden kvar sesong. Ein reknar med at minst 600 personar går ut til Beitelen i løpet av ein sommarsesong (pers. med Dybwad, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane). Dette er tal som ein lyt forvente at aukar i åra framover, då turar i verdsarvområdet har aukande popularitet. Talet på kajakpadlarar som går i land, og trekk kajakken opp ved kaia er og aukande. Det kan stundom ligge over 40 opptrekte kajakkar nede ved fjorden under Stigen.

4.4.5 Næring

Landbruk

Garden vert i dag ikkje nytta i landbruksammenheng. Eigarane ved Nedste Stigen har ynskje om å etablere små flokkar av sau og geit, i hovudsak for å skjøtte landskapet, og for å kunne servere sjølvproduserte og foredla produkt til besökande. Dette vil og kunne gje nokre landbruksrelaterte inntekter i form av ull og kjøt (geitemjølka vil verte foredla og nytta direkte på garden, og vil gå inn i inntektene frå servering). Beite langs fjorden er viktige for geitebønder i Undredal. Området er ikkje aktuelt for skogbruk anna enn uttak av ved til eige bruk.



Figur 8 Geiter på beite vest for Kolda i fjordsida nedanfor Stigen.

Reiseliv

Reiseliv er i dag den viktigaste næringa på Stigen. Garden tilbyd overnatting til einskildreisande og mindre grupper. Dei serverar eigne gjestar, og tek og imot dagsvitjing for servering av både små- og store grupper. I tillegg arrangerar bedrifta utvalde fotturar og kajakkтурar som m.a. inneheld besök på garden.

Drifta står for ein vesentleg del av inntekta til ein familie. Familien har i tillegg anna inntektsgjenvande arbeid med hovudvekt i vinterhalvåret. Næringa kan berre verte drive om sommaren, då naturkreftene gjer turismedrift om vinteren umogleg.


5 Dagens tilstand; vear, tilrettelegging og vegetasjon

Delområda i skildringa av vegetasjonen samsvarar med inndelinga i plankartet og tilrådingane til tiltak (kap5.3, Skjøtsel av landskap og vegetasjon).

5.1 Hovudvegen

Gardsvegen til Stigen er ein sti som snor seg oppetter den bratte fjordsida frå fjorden og opp til Øvste Stigen. Stien har tidlegare vore godt oppbygd med murar i underkant, og var ein gangveg meir enn berre ein sti. Frå Nedste Stigen fortsettar han som ein litt breiare veg, som tidlegare kunne høve for hest og ”slede” opp til øvste Stigen og bort til Kråkedøla. Mellom Kråkedøla og Øvste stigen har vegen vore mogleg å køye med liten traktor. Etter Kråkedøla held stien fram som stølsveg, no berre fotsti.

Vegmurane har på mange plassar rast ut. Nokre plassar grunna sig, andre grunna ras og steinsprang ovanifrå. Vatn har og greve ut vegen nokre plassar. Mange stader kan ein framleis ferdast trygt forbi utraste parti då det framleis ligg nok massar att til å få ein god sti, men strekningar kan vere vanskelege seint på hausten og om vinteren. Fleire plassar vil vidare utrasing kunne gjere stien direkte farleg også om sommaren. Utrasingar gjer og at ein nokre plassar lyt over sva som kan bli glatte i fuktig vær. Her er det gjerne sett opp trinn (fastbolta stokkar), og streng til å halde seg i er festa til bergvegg eller jernstaur. Nokre plassar er streng sett opp på utsida av stien mellom jernstaur. Denne er mest for å gje ein tryggare kjensle for turgåaren i det bratte terrenget.



Figur 9 Tilrettelegging for friluftsliv og registrerte problempunkt på vegen frå fjorden opp til Nedste Stigen.

Det er i samband med arbeidet med planen gjort ei registrering av alle problempunkta oppetter vegen, der desse er avmerkt på kart (grunnlag økonomisk kartverk), Nedre del, som har flest problempunkt er vist i kartutsnitt i Figur 9. Dette kartet, og tilsvarende registreringar i øvre del av vegen (frå Nedste Stigen til Stegelvi) fylgjer og vedlagt i større målestokk (vedlegg 4 og 5). Stien er ikkje teikna inn i kartgrunnlaget heile vegen, og terrenget er for bratt til å kunne koordinatfeste nøyaktig med gps. Plasseringa av dei ulike punkta er difor ikkje eksakte, men relative i høve kvarandre og plassert rett i høve dei ulike svingane oppetter vegen.



Figur 10 Parti med førebels stogga utsig i mur.



Figur 11 Grinda treng utskifting.



Figur 12 Stokkar og vaier til å halde seg i for å unngå å gli på is eller glatt sva.



Figur 13 Ras slår ut muren. Kritisk punkt i sving rett over Kolda.



Figur 14 Vassgraving er eit stort problem m.a. nedanfor grinda.

5.2 Andre ferdstegar

Frå tunet i Øvste Stigen går ein veg oppover mot Fristølen. Stien er stort sett lett å fylgje men nokre plassar har stien sige ut slik at ein lyt klyve litt. Nokre parti kan difor vere tunge for eldre. Det er ikkje vanskeleg å ta seg fram for ein gjennomsnittleg turgjengar. Nokre plassar kan vegetasjon langs stien verte høg. Denne stien fortsettar forbi Fristølen og vidare oppover mot fjellet, til stølen Fjellstølen. Vidare er han mogleg å fylgje til Undredalsstølen Hovdongo og ned til Undredal.

Stølsvegen til Åsen går som sti frå der traktorvegen bort til Kråkedøla sluttar. Stien er lett å fylgje og vert ofte nytta som turveg. Stien går heilt ut til Beitelen, som er eit populært utsiktspunkt.

Frå Øvste Stegen går ein veg nedover bøen og ned mot elva. Denne førar ned til nokre gamle slåtteteigar på ein rygg som går langsetter elva. Eit stykke nede på denne vegen går ein ganal veg/sti sørover og ender opp i tunet på Nedste Stigen. Stien går delvis langs foten av bratte skrentar. Denne er ikkje god å ferdast langs i dag, men han er ikkje vanskeleg å sjå att i terrenget.

5.3 Tilrettelegging

Det er i dag avgrensa tilrettelegging for friluftsliv. Det er sett opp ein del treskilt (retningsskilt) som visar moglege turmål. Skiltinga er litt tilfeldig, og dels mangelfull. Nede ved kaia står eit skilt om at ein ferdast på eige ansvar, og oppfordring om å vere forsiktig med laus Stein.

Nedste Stigen har ein fungerande taubane som går frå kaia og opp til Mørkvollen (eit stykke nedanfor sjølve tunet). Bana er driven med motorkraft.



Figur 15 Utsikt frå Beitelen ut Aurlandsfjorden. Foto: Tom Dybwad

5.4 Delområde 1, Beite langs fjorden

Delområde 1 er ei beitemark som ligg i dei bratte sidane langs fjorden. Beitet vert avgrensa oppover av skrenter og svaberg, og kor høgt opp frå fjorden beitemarka går er avhengig av terrenget. Langs fjorden ligg eit belte der parti med ein del lausmassar i form av forvitningsmateriale og rasmassar vekslar med skrinnare sva med tynt jordsmonn. Den bratte fjordsida er her utnytta som beitemark for geit. På nordsida av Kolda går eit svaberg med tynt jordsmonn oppover i terrenget. Vegen opp til Stigen svingar seg opp dette berget. Her skil næringsgrunnlaget seg dels frå engene som ligg på lausmassar langs fjorden, men landskapsmessig er dette del av den same eininga, og hører til det opne beitelandskapet langs fjorden.

Det landskapsmessige hovudinntrykket er den opne graskledde rasmarka (beitemark) og fjordsida med stien som snor seg oppover nesten snaut berg. Viktig i dette biletet er den blomsterrike engvegetasjonen i beitemarka.

Urterik eng

Engane nedst langs fjorden (teigane 1.1 og 1.2) er frodig, og friskare enn ein skulle tru i høve til hellingsgrad og klima. Dette skuldast vassførekomst i berget. Some plassar har forvitring av berggrunnen og framsig av jordvatn frigjort ekstra med kalk til jordsmonnet, noko som og aukar artsinnhaldet. Fukta i berget kjem og *bergfrua* til gode, der den veks på bergveggar og sva innimellom engene i delområdet. Berre teig 1.1 er synfare i samband med planarbeidet, men tilhøva utover fjorden er høvesvis like (personleg observert under turar i andre samanhengar) slik at ein lar skildringa for teig 1.1. gjelde også teig 1.2. Teig 1.2 er truleg gjennomgåande noko friskare, og vert beita seinare på sommaren enn teig 1.1. Enga er svært variert men hører mest truleg inn under G7a (engtjæreblom utforming av frisk/tørr middels baserik eng) Ein har tørre parti med mykje same artsinnhald som teig 1.3, men og med felt med høgt innhold av *prestekrage* (som det er lite av i 1.3) og friskare parti, med dominans av kraftigare arter. Her er mykje *engsoleie*, *engsmelle*, *kvitkløver*, *raudkløver*, *åkerminneblom*, *skogstorknebb*, *stornesle*, *mjødurt*, *vendelrot*, *ryllik* og *fuglevikke*. *Piggstorr* veks også her. Fukt-tørkegradienten, variasjon i jorddjupne og parti med tilgang på kalk gjev området eit høgt artsinnhald. Det er ikkje gjort nokon fullstendig botanisk registrering av teigane, dei påviste artane og samfunna lyt verte sett på som indikatorar for at området inneheld ein artsrik og til dels kalkkrevjande flora. Potensiale for eit høgt artsmangfold av insekt knytt til natureng er dertil stort. Det er og truleg at ein kan finne beitemarkssopp på desse teigane, då dei har lang kontinuitet som beitemark og då engene ikkje har vore gjødsla.

Teigane 1.1 og 1.2 er framleis i hevd, og vert nytta som forsommarbeite for geit.

Rik turreng

På svaberget oppover mot garden (teig 1.3) er jordsmonnet skrinnare, og teigen turkar raskare ut om sommaren. Her dominerer ein typisk turreng (G7a frisk/tørr middels baserik eng, engtjæreblom-eng) med artar som *smalkjempe*, *legeveronika*, *raudknapp*, *gulmaure*, *kvitmaure*, *engsyre*, *småsyre*, *engtjæreblom*, *sølvture*, *lintorskemunn*, *gulaks*, *sauesvingel*, *lodnefaks*, *engfiol*, *markjordbær*, *tiriltunge*, *bergmynte*, *bakkemynte*, *småsmelle*, *engsmelle*, *kattefot*, *blåklokke*. m.fl.. Lokaliteten er lun, noko som vert understreka av at buskoppsslag, som i beskjeden grad har byrja å slå opp, inneholder ein god del av det varmekjære treslaget *hassel*. Her er innslag av plante som treng baserik (kalkhaldig) mark (som *bergmynte*, *bakkemynte*, *sølvture*). I skrentar og bratte parti utan, eller mest utan jorddekke, veks typiske bergveggs-arter, som *olavskjegg*, *fjellmarikåpe*, *lodnebregne*, *svartburkne* og *fjellkattefot*. På ein tur oppover teigen møter ein eit stort mangfold av insekt. Ein rekke sommarfuglartar, m.a.

både svalestjert og ein stor bestand av bloddråpesvermar (seksflekket bloddråpesvermar, *Zygaena filipendulae* (Linnaeus, 1758) fotodokumnetert), fargerike teger og store snyltevepsartar er mellom dei mest i augnefallande. Området har vore nytta som beite for geit, men har vore ute av bruk i nokre år. Dette syner opp i eit byrjande oppslag av bjørk, rogn og hassel.

Teig1.3 har tradisjonelt vore nytta som beite for frittgåande geiter. Den opne engvegetasjonen er svært viktig for det landskapsmessige inntrykket.



Figur 16 Frå delområde 1, sett frå kaia. Skiltet i biletet er eit formelt verneskiltet som syner at ein oppheld seg i eit landskapsvernområde.

5.5 Delområde 2, Nedste Stigen

Delområde 2 består av Nedste Stigen med tilhøyrande innmark. Dei største og flataste teigane ligg nedanfor husa. Desse er oppgjødsla eller fulldyrka og mykje av arealet her har truleg vore gamal åker. Engene er frodige og her er mange plassar eit friskt jordsmonn. Sentrale delar er haldne i hevd medan åkrane /engene lengst unna husa er i attgroing med nitrofile artar (mykje *bringebær*, *mjødurt*, og *stornesle*). I litt brattare teigar, både over og under dei oppdyrka teigane, ligg enger med større naturengsprog. Mellom desse finn ein småteigar med eit høgt innhald av urter, som tradisjonelt har vore slåttemark. Her er både fattige og noko rikare turrenger og dels noko friskare eng. Den siste forma for skjøtsel på desse engene har vore geitebeite. Kantsonene mellom åkrar og slåtteteigar er opne, og har gjerne eit variert artsinnhald. Her er både engartar og felt med attgroingsartar.

Landskaps- og opplevingsmessig er inntrykket av høgdegarden med ope kulturlandskap i hevd det viktigaste. Både frodig eng med høg produksjon på flatare, større teigar, og rik blomsterflora i nokre av teigane og i kantar, tørrbakker og på bratte parti, er viktige element. Ein bør freiste å ta vare på variasjonen skapt av gradientar mellom frisk og tørr og mellom fattig og middels rik. Det spektakulære med utsikt ”rett i fjorden” ved enden av teigen på nesten alle slåtteteigane set sterkt preg på opplevinga av landskapet.

Den siste forma for skjøtsel på Nedste Stigen har vore ein geiteflokk på 10 - 20 vaksne dyr som har gått på plassen heile året. Geitene har gått fritt. I tillegg har dei frodigaste slåtteteigane vorte slege (teig 2.2, 2.3, 2.10, 2.13 og 2.17), men alle har ikkje vorte slegne kvart år. I ein periode på 90 talet vart også urterike, små enger i teig 2.1 slege kvart år.

Gjødsla eng

Typiske fulldyrka (I4, 1) eller sterkt oppgjødsla enger (G14) vert slege saman til ei gruppe her kalla ”gjødsla eng”. Det er vanskeleg å avgjere om opphavet til dei einskilde engene i denne gruppa har vore oppdyrkning (pløyning og innsåing av eng) eller sterkt gjødsling av gammal kultureng. Ein har truleg begge delar. *Engreverumpe* dominerer som gras, og det er ein art som opphavleg er sådd inn i enger av menneske. Dei fleste flate, større teigar på Nedste Stigen er gjødsla eng. Sjå temakart kulturmarkstype i vedlegg 6 for å sjå fordelinga av teigar.

Desse engene er i hovudsak friske, med små parti som nærmast seg fukteng (ved framspring av jordvatten). Dominerande grasart er *engreverumpe*, og det er også mykje *engkvein*. Av urter dominerer *hundekjeks*, og her er mykje *engsoleie*. Elles er det få innslag av andre urter.

Fattig frisk eng

Eit lite felt mellom dei to gjestehusa kan førast til engtypen G4a, (frisk fattigeng, vanlig utforming). Ein del av kantsonene vil nok og vere av denne typen, men det vil vere å gå i for stor detalj å skilje desse ut. Det vesle feltet er framheva grunna førekomensten av *nattfiol* på plassen. Det vart tald 44 eksemplar i bloming over eit lite, avgrensa areal i juli 2007. Elles veks på denne flikken naturengsplante som *fjellmarikåpe*, *smyle*, *kvitmaure*, *ryllik*, *gulaks*, *engfiol*, men her er også teikn på svak hevd, m.a. ved ein god del *skogstjerne*, og dessutan litt *liljekonvall*. Oppunder berget ovanfor dei store oppdyrka slåtteteigane finst også nokre små flater med eng. Ein av desse er teig 2.14, ei lita eng med glisset feltsjikt og dominans av *engsnelle*.



Figur 17 Nattfiol i teig 2.7

Urterik eng

Teigen mellom den oppdyrka innmarka og dei bratte partia med sva (delområde 1) varierar, men er open og med eit engprega feltsjikt. Arealet har vore nytta til beite som siste skjøtsel, men inneheld fleire små lommer med urterik eng som tidlegare har vore slåttemark. Fuktsig er dominert av *mjødurt*. 3 små enger er framheva i planen (2.1a – c), men berre ført opp som ein del av teig 2.1. Avgrensinga er unøyaktig, dei små lappane må sjåast på som døme på kva teigen inneheld. Engtype kan mogleg førast til G7, Frisk/tørr middels baserik eng, engtjærebloomutforming. Engene inneheld m.a. *hundegras*, *skogstorknebb*, *engsmelle*, *piggstorr*, *bergmynte*, *gulflatbelg*, *tveskjeggveronika*, *kvitmaure*, *gjerdevikke*, *lodnefaks*, *raudkløver*, *engtjærebloom*, *firkantperikum*, *engmarikåpe*, *karve*, *prestekrage*.

Ein av dei er ei lita eng med *prestekrage* og *engtjærebloom* som dominerande urter (nedste foto på framsida). Denne har i tillegg *raudknapp*, *flekkmure*, *engtjærebloom* (mykje), *gulmaure*, *kvitmaure*, *tveskjeggveronika*, *legeveronika*, *enghumleblom*, *ryllik*, *engsmelle*, *skogstorknebb*. Urtene dominarar, men her er også gras, noterte arter er *gulaks*, *sauesvingel*, *lodnefaks* og *hundegras*.

Det vart i juni observert tett med bloddråpesvermarar på teig 2.1.

Fattig tørreng

Område har noko eng på turre plassar, særleg på sva med tynt jordsmonn (teig 2.4 og 2.5). Desse varierar i arts mangfald. Dei er dominert av gras og har færre og mindre kravstore urter enn den rikare turrenga i delområde 1. Viktige gras er *gulaks*, *smyle*, *raudsvingel* og *sauesvingel*. Av urter bør nemnast *raudkløver*, *tiriltunge*, *tepperot*, *tveskjeggveronika*, *ryllik*, *kvitmaure*, *lintorskemunn*, *markjordbær*, *engtjærebloom* (noko), *fjellmarikåpe*. På meir skyggefulle parti under bjøker i enden av teigen veks og *nattfiol*, *stormarimjelle* og *liljekonavall*.



Figur 18 Mørkvollen. Nedst ligg frodig høgstaudeeng som vert slege årlig. På rabben til høgre er fattig tørreng, som tåler nokre periodar utan skjøtsel.

Høgstaudeeng

Høgstaudeeng er ikkje nokon eigen vegetasjonstype etter Fremstad (1997) men er i planen nytta for å skilje ut friskare enger med tett, høgvakse feltsjikt og høgt innslag av urter.

Nokre av dei mest produktive slåtteengene som ikkje har vore nytta som reine beiter (utover dei oppdyrka eller sterkt gjødsla engene skildra over) er friske, næringsrike enger med høgvakse feltsjikt. Desse inneheld meir urter enn "gjødsla eng" i planen sjølv om også denne enga er av typen og vert ført til G14 eller G13 (frisk, næringsrik "gammeleng" og frisk næringsrik "natureng") (vanskelege å skilje, men engreverumpe er innsådd og typisk for G14). Typen har vore gjødsla, men i mindre grad enn typen "gjødsla eng". Ein finn ei større eng, og ein mindre "flekk" av denne typen på Nedste Stigen, for illustrasjon sjå kap. 5.7, om delområde 4. Artsinnhald: *Engreverumpe, hundekjeks, skogstorknebb, engsyre, noko engsoleie* finst i alle engene. Den vesle enga oppunder berget (teig 2.15) har ikkje i seg sjølv noko merknadsverdig høgt mangfald, men kantonene og generelt området som har engprega feltsjikt er variert både i fukt-tørke gradient og i næringsinnhald, frå snelledominert, artsfattig eng (teig 2.14) til tørreng med engtjæreblom. I kantonar veks og *skogmarihand*, saman med artar som *enghumleblom*, *skogstorknebb* og *tepperot*. I tunet finst og ei lita eng med mykje høgstauder, teig 2.17.

Kantoner

Kantonene mellom slåtteteigar, som sjølv har vore slege i eldre tid, men berre beita seinare, varierar sterkt. Nokre av dei er prega av nitrofil vegetasjon med bringebær og stornesle, men her er og artsrike sonar med tørreng og frisk fattigeng. Grensa mellom nitrofil vegetasjon og natureng, særleg då høgstaudeeng kan vere glidande.



Figur 19 Nedste Stigen. Foto: Tom Dybwad

Nitrofil

Ein del areal er i tidleg attgroing med nirtofile artar, men buskoppsslag har enda ikkje sett igong. Desse areala har vore ute av bruk lenge, og det beskjedne beitepresset som det siste geitehaldet utgjorde har ikkje vore nok til å stogge utviklinga. Areal klassifisert som nitrofilt i tilstandskartet er dominert av arter som *bringebær*, *mjødurt*, *tyrihjelm* og *stornesle*. Teig 2.16 er beite i attgroing på rasmark. Her er det og mykje storbregne.



Figur 20 Kantsonane varierar frå nitrofil vegetasjon (venstre) til eng med større innhald av urter (høgre).

Tunareal

Tunarealet består av grasmark eller bær- og frukt, og grønnsaks- og urtehage. Grasmarka er trakktolerant og skjøtta som plen.

5.6 Delområde 3, Slatte- og hagemark mellom gardane

Mellan tuna på dei to gardane ligg eit skrinnare parti som ikkje har vore oppdyrka i moderne tid. Bakkemurar som bygger oppunder rydda flater med natureng vitnar om at området har vore viktig i gardsdrifta. Alderen på murane er ukjent. På areal med grovt substrat står styva bjørketre. Om arealet skal verte kalla hagemark eller haustingsskog er noko usikkert, då beiteverdien er marginal, men det som finst av feltsjikt er likevel grasdominert og tydeleg påverka av beitedyr. Dei små engflatene er stykka opp av skrentar og røys. Det ser ut som om ein har nytta allereie eksisterande, naturlege røysar til å hive ryddingssteinen på (den som ikkje er nytta i murar). Kantsonane har tydeleg vore opne tidlegare, bortsett frå lauva bjørketre. Her skyt det opp lauvkratt, i hovudsak av bjørk eller osp. Området står fram som fleire mindre parti med eng omkransa av hagemark eller ung lauvskog/kratt og felt med steinur. Vegen mellom dei to brukna går i underkant av dette felta.

Frisk fattigeng

Eit større areal er merka av som "frisk fattigeng." Dominerande engtype er G4a, frisk fattigeng, vanlig utforming (ein svært varierande type). Dette arealet er i delvis attgroing, der dei tørraste, ofte nedre og sentrale deler av teigane har minst attgroing. I kantane kjem grovare arter og ofte lauvoppslag inn. Også i desse engene har ein noko *engreverumpe*, *hundekjeks* og *skogstorknebb*, men desse er ikkje dominante i same grad som engene nær tuna.

Artsinnhaldet er meir variert. Her er mykje *kvitmaure*, *gulmaure* og *firkantperikum*. Gulaks er viktig gras og dominar i nokre felt. Andre noterte artar er *småmarimjelle*, *tveskjeggveronika*, *raudsvingel*, *raudknapp*, *tiriltunge*, *gjerdevikke*, *kvitkløver*, *raudkløver*, og *ryllik*, ulike gras med *knereverumpe*, *kvein*-artar og *rappartar*, og i friskare parti *vendelrot*, *sølvbunke*, noko *hundegras*, *kvitbladtistel*, *engsoleie*, *engsyre*, *tyrihjelm*, *engsnelle* og *maigull*. Dei fleste teigane har ein fuktgradient der dei er mest friske i øvre delar og tørrast nedst. Dei mest attgrodde parita er mykje tekne over av bringebær.

Teigane er ikkje delte opp i planen, slik at ein del av det avmerkte arealet og vil vere kantsonar, røys og skrent.

Teig 3.1, Hestebakken ligg i kontakt med vegen. Denne er i planen trekt ut som representativt døme på engene i området. Enga har svært stor variasjon i nitrogentilgang og fukttilhøve. I midtre delar er enga tørr og artsfattig med glisset feltsjikt og eit tett botnsjikt (mosedekke) (venstre). Feltsjiktet vert noko tettare nedover og oppover frå dette, oppover er eit felt med gulaks og snelle som dominantar, og i øvre delar er friske parti med mykje skogstorknebb før bringebær og bregne tek over i utkanten.



Figur 21 Tre utsnitt frå same eng.

Bjørkehage

Området har ein god del lauva bjørk. Eit samanhengande areal med lauvingstre er avmerkt som hagemark. Her er står lauva bjørker høvesvis tett, med berre få yngre tre. Substratet er grovt, men det som finst av feltsjikt er beitepåverka (grasdominert). Fleire mindre areal i delområdet har lauva bjørk og engdominert feltsjikt, og kunne og vore kalla hagemark, men avgrensing av dette ville krevje ei svært detaljert kartlegging.



Figur 22 Frå bjørkehagen mellom tuna. Lendet er bratt, og jordsmonnet skrint, men med gras og urter i feltsjiktet. Bjørkene står mellom kulturlandskapselement som t.d. bakkemuren på biletet.

5.7 Delområde 4, Øvste Stigen

Øvste Stigen er det høgast liggande bruket. Her er eit tun med innmarker liggande i hovudsak nedanfor og på høgde med tunet (om ein ser bort frå delområde 3 med slåtteteigane mellom dei to bruka). Her finst ei større flate med fulldyrka mark og elles ei mindre fulldyrka eng. Utover dette består engene av natureng. Teigane er gjennomgåande friske og berre kantsonar og utkant har turre engtypar. Garden har vore ute av drift i 30 år og engene er prega av tidleg attgroing der nitrogenelskande arter gradvis tek over meir og meir dominans. Langs vegen veks det tett bringebærkratt. Lauvoppslag er framleis avgrensa til utkantane av engarealet. I tunger som har gått ned i kringliggende hagemark og bjørkeskog er attgroinga komen lengre. Desse småareala er ikkje inkluderte i planen.

I nordenden av innmarka, mellom slåtteeng og elva står hagemark med bjørk. Denne er ikkje avgrensa i planen. Døme på artar i feltsjiktet i hagemarka er *maiblom*, *liljekonvall*, *hengeving*, *småmarimjelle*, *firkantperikum*, *tepperot*, *fulgetegl*, *skogstjerne*, *teiebær*. Elles fleire grasartar. Større bregne som *skogburkne* og *sauetegl* veks flekkvis.

Gjødsla eng

Det største flate arealet på Øvste Stigen (fulldyrka) og eit mindre, fulldyrka areal er i planen plassert i typen gjødsla eng. Desse engene er næringsrike og artsfattige. Dominerande grasart er *engreverumpe* med unnatak av delar av den største enga (teig 4.4) som også har ein større bestand av *bladfaks* (også dette ein innsådd art i norske enger). Elles har engene eit stort innslag av *hundegras*. Vestlege delen av teig 4.4 minner meir om enga i skråninga (teig 4.6) då den også har ein god del *engsyre*, *engsoleie* og *skogstorknebb* og kan kanskje vere ei sokalla ”gammeleng” (G14).



Figur 23 Frå den flataste teigen på Stigen, engreverumpe dominerer, nærmere låven dominerer bladfaks.

Högstaude eng

Högstaude eng er ikkje nokon egen vegetasjonstype etter Fremstad (1997) men er i planen nytta for å skilje ut friskare enger med tett, høgvakse feltsjikt og høgt innslag av urter.

På Øvste Stigen er den største slåtteteigen, som ligg i skråninga nedanfor tunet, i stor grad denne typen. Som vegetasjonstype ligg den nær G13, Frisk næringsrik ”natureng” men med det innsådde graset engreverumpe kan enga og være eit attgroingsstadium av G14. Då garden var i drift vart enga gjødsla med gjødsel frå både kyr, hest og sauettale, samt litt kunstgjødsel.



Figur 24 Engene på Øvste Stigen har mykje hundekjeks, men og ein god del andre urter.

Enga er i ulik grad av attgroing med nitrofile arter. *Tyrihjelm*, *nesle* og *bringebær* breier seg innover frå kantane. Enga har og markerte fuktsig med *mjødurt*, *bringebær*, *tyrihjelm* og noko bregne. Det er ikkje gjort detaljerte artsregistreringar men vanlege artar i enga er *engreverumpe*, *hundekjeks*, *skogstorknebb*, *engsyre*, *engsoleie*, *vendelrot*, *bringebær*, *tyrihjelm*, *stornesle*, *mjødurt*, *skogsnelle*, *skogstjerneblom*, *maigull*, *kvitbladtistel*, *krypsoleie*, *gulflatbelg*, *gjerdevikke*, *firkantperikum*, i nedre delar også *skogburkne*. Flatare parti i øvre delar har dominans av bringebær.

Nitrofil

Mellom flata med tun og fylldyrka mark og engene i bakken nedanfor går ein skrent / brattare skråning (teig 4.5). Her veks berre stornesle, bringebær og andre nitrofile artar. I overgangen mot skog i vestenden av innmarka er attgroinga komen lengre enn ander plassar og noko buskoppsslag kjem inn (teig 4.7). Også dette arealet er avmerkt med nitrofil vegetasjon. Teig 4.8 ligg dels på skredmark. Nitrofile artar og mykje storbregne dekker store areal men her finst og eit par felt som framleis er grasdominert. Her er meir *sølvbunke* enn i andre enger, og feltsjiktet er meir glissent. Artane er mykje dei same som i andre enger på Øvste Stigen.

5.8 Delområde 5, Stølar, haustingsskog og hagemark

Utmarka kring gardane har vore utnytta til hausting av vinterfor, utmarksbeite og støling. Ved ferdslle langs stiar nyttja i friluftssamanheng kjem ein i kontakt med fleire slike areal. Desse er avmerkt i planen. Avgrensinga av desse areala er unøyaktig. Utmarka inneheld elles ein rekke område med haustingsskog, tidlegare hagemark og utslårter som ikkje er inkludert i planen.

Fristølen

På Fristølen (teig 5.1) er det arealet som framleis er ope fullstendig dominert av nitrofil vegetasjon, særleg bringebær, stornesle og tyrihjelm. På avstand minner heile bøen om eit hav med bringebær. Beitemarkene kring stølen gjekk tidlegare langt oppover lisida, og det opne arealet var minst 3 gonger så stort som i dag (ØK og flyfoto frå 1971). På stølen ligg tre steinmurar, stølsgjerde, som omkransar kvar sin teig. Desse vart nyttja for å halde beitedyra unna viktig dyrkamark. Stølsgjerda trer svært godt fram på flyfoto frå 1971. Dei er i dag framleis tydelege i terrenget, sjølv om dei er delvis skjulte av bringebæra. Stølen har i dag ein ståande bygning, men fleire tufter og murar etter stølshus.



Figur 25 Bringebær skjular steinmurane på Fristølen.

Åsen (støl)

Stølen Åsen er eigentleg ein eining, som har hatt sel plassert på to forskjellige plassar på bøen (ein i nedkant og ein i overkant av det opne arealet, slik det går fram av flyfoto frå 1971). Stølen har to stølshus (sel) som framleis står opp. Det nedste, og eldste av dei to er under restaurering. Grunna attgroing med lauvskog er stølen i dag delt i to einingar, og bygningane ligg i kvar sin del slik at ein kan få inntrykk av at det er to stølar. Den nedre bøen (teig 5.3) er i stor grad tilgrodd med nitrofil vegetasjon (mykje bringebær, tyrihjelm og einstape) og skogen minskar stadig det opne arealet. Den øvre bøen (teig 5.4) har eit nyare sel. Stølsvollen er dels attgrodd med nitrofil vegetasjon men oppetter ein litt tørrare bakke er det framleis grasdominert engvegetasjon. Denne stølen har ikkje inngjerda areal slik som på Fristølen, og hovudbruken av stølsvollen har truleg vore beite.



Figur 26 Den øvste stølsvollen på Åsen. Merk Frivollen som ei ope flate i bakgrunnen.

Haustingsskog

I ei bratt skråning med ur og blokkmark nord for Kråkedøla står ein bjørkeskog der dei vaksne trea tydeleg ber spor etter lauving. Marka har svært glissent feltsjikt, og skogen kan ikkje ha vore nytta som hagemark. Ein del av dei gamle trea er i ferd med å gå ut (velte og knekke). Skogen er høvesvis open.

Bjørkehage

Oppå åsryggen fram mot Beitelein ligg ei tidlegare hagemark med bjørk. Øvst på ryggen er jordsmonnet tynt, og furuskog tek over, men litt nede i sida finn ein frodig bjørkeskog av typen småbregneskog (A5) og dels over mot lågurtskog (B1). Dei vaksne trea bær tydelege spor av lauving medan yngre tre er rettstamma. Skogen er framleis høvesvis lysopen sjølv om han i nokre område har byrja å tetne til med ungskog. Feltsjiktet har flekkvis grasdominans. I hovudsak er det likevel ikkje lengre engprega, men er gått over til å innehalde typiske skogsartar. Døme på artar i feltsjiktet: *Fugletegl, firblad, blåbær, maiblom* og *hengjeaks*.

6 Tiltaksplan

6.1 *Tiltak på hovudvegen*

Her er fleire utpeikte punkt på stien som krev gjenoppbygging/restaurering. I tillegg treng vegen ein generell oppgradering for å verte tryggare (både fysisk og psykisk) og for å kome i opphavleg, god stand.

Ein del tiltak, særleg når det gjeld gjenoppmuring av utraste murar er viktige for å bevare vegen som kulturminne, men er ikkje prekære for tryggleiken. Desse er gjeve prioritet 2. Tiltak som er viktige for tryggleiken eller der nye skader vil skje dersom reparasjonar ikkje vert gjennomførte (t.d. graving frå vatten) er gjeve prioritet 1.

Konkrete tiltak med høg prioritet:

- Opning av tette holveiter, graving av renne/oppmuring av veiter til faste vassig.
- Flytte stitrasé der årleg grov er i konflikt med vegen. Styring av grovi samt vegtrasé nærmare bergveggen like under grinda.
- Gjenoppmuring på utraste plasser der murar er på sig. Arbeidet bør verte leia av ein profesjonell tørrmurar av omsyn til tryggleiken. Der ein tek att ein mur bør vegen få sin opphavlege breidd, både av tryggleiks omsyn og pga. kulturminneverdien.
- Oppføring av ny grind. Grinda lyt svinge utover og ikkje inn mot berget av omsyn til tryggleiken. Grinda lyt vere enkel å betjene. Skilt om at grinda skal vere att lyt monterast. Dette bør og verte nemnd i informasjonsoppslaget nede ved kaia. Det vil og verte naudsynt med nymuring av utrast parti nedanfor grinda.
- Bolting og fornying av trinn av stokkar (her bør det også være vaier å holde seg i) der det er eller har vore trinn tidlegare (På ein plass er trinn sett inn som sikring der vegmuren har rast ut. Her bør ein på sikt freiste å mure opp att muren).

Generelle tiltak oppetter vegen

- Kontroll av jernstaur og streng som går i ytterkant av stien, utskifting av rustne eller oppflisa streng, innsetting av nye fester av strengen til boltene/staurene for å unngå skarpe ender. Alle strekningar med streng er ikkje avmerkte på kartet.
- Gjenoppmuring av utglidne trinn (heller) der dette finst.
- Slått i stien i delområde 2 og 4

Tiltaka er avmerkte med punkt på kartet i vedlegg 4 (nedste del) og vedlegg 5 (øvste del), nummereringa følgjer oppsettet i Tabell 1. Punkttiltak 1 – 20 gjeld strekninga mellom fjorden og Nedste Stigen, nummerert nedanifrå. Punkttiltak 21, 22 og 23 ligg mellom dei to bruka og punkttiltak 24 ligg mellom Øvste Stigen og Kråkedøla.

Tabell 1Punkttiltak langs hovudvegen, nummerert nedanifrå

Id	Problem	Tiltak	pri
1	Rasfar	Flytting av veg	1
2	Graving frå grov	Styring av grov m. bolta stokk + flytting av sti	1
3	Rasfar	Flytting av veg	1
4	Grind og mur	Ny grind, lett å opne/lukke. Mure opp utrasing	1
5	Rømmingspunkt, killingar	Kort gjerde for å sperre killingar nede	1
6	Utrasing av vegmur	Oppmuring mot boltar. Behold vaier i overkant	2
7	Utrasing av vegmur	Oppmuring mot boltar. Behold vaier i overkant	2
8	Trinn og utrast mur	Raste for 2 år sidan. Gjenoppmuring	2
9	Snøras skade på mur	Gjenoppmuring	2
10	Vaier	Betre festeaneordning for å unngå oppflising	2
11	Vaier	Betre festeaneordning for å unngå oppflising	2
12	Ras	Gjenoppmuring	2
13	Steinsprang mot mur	Gjenoppmuring	2
14	Utrasing av vegmur	Er på sig. Gjenoppmuring	1
15	Mur på sig	Fastbolting av botnblokkar, stabilisering	1
16	Mur på sig	Fastbolting av botnblokkar, stabilisering	1
17	Mursig stansa	Stabilisering med betonginnsprøyting	1
18	Veg graver seg ned	Evt ilegging av heller	2
19	Graving frå grov	Opne opp stikkveit og halde den ved like	1
20	Graving frå grov	Heve vegen, lage ny stikkveit	1
21	Graving frå grov	Opning og gjenoppbygging av holveit	1
22	Utrasing av vegmur	Omlegging av veg etter fjerning av selje, el. bru	1
23	Veg graver seg ned	gjenoppbygging av vegmur, ifylling av masse	2
24	Graving frå grov	Opning av holveit, oppmuring i underkant	1

6.2 Tilretteleggingstiltak

Området er vitja av svært mange, både turgårarar og deltagarar av arrangement på Nedste Stigen. Det er vanleg å gå i land frå kajakk eller å få båtskyss til og/eller frå kaia for både arrangerte grupper og sjølvstendige. Stien er mogleg å følgje vidare forbi Stigen og til Fjellstolen, og vidare til stølen Hovdungo over Undredal. Det er venta at talet på besökande vil auke i fleire år framover (frå truleg minst 1000 personar i året til eller forbi Stigen og minst 600 av desse ut til Beitelen jfr. kap. 3.4.4, Friluftsliv). Det er difor trong for noko tilrettelegging utover det å halde stien i god stand.

Det er trong for planmessig skilting med retningsskilt og stadnamn, og informasjon ved kaia. Det er og trong for utviding av kaia og betre tilhøve for å rekke i land kajakk og småbåt. Det er venta at turen til Beitelen vil bli meir populær med åra. Det er og trong for å etablere ein rasteplass utanfor tunet på Nedste Stigen, for å avlaste dette. Eit par plassar vil det auke opplevinga betydeleg å opne opp vegetasjonen for å sikre utsikt. I prisnippet skal tilrettelegginga vere enkel, og vere tilpassa det enkle, tradisjonelle friluftslivet i Noreg. Ein bør ikkje etablere offentleg do eller legge til rette for telting for allmenta.

Det vert frårådd å legge til rette for opptenning av bål (faste bålpllassar). Ein bør freiste å forhindre bålbrenning og grilling på bakken då all grasvegetasjonen gjer at det generelt er ein stor brannfare i området. Informasjonsoppsslaget lyt innehadde ei tydeleg åtvaring mot å gjere opp eld.

Telting kan skje i utmark, etter friluftslova eller etter spesifikk avtale med grunneigar. Det bør ikkje verte lagt til rette for telting

Framlegg til tiltak er kartfesta i vedlegg 4 (nedste del) og vedlegg 5 (øvste del).

Desse konkrete tiltaka er tilrådd (sjå Tabell 2 for nummerering i høve kartvedlegget):

Taubane og anna transport

Taubana opp til nedste Stigen er motorisert. Grunneigarane ynskjer å gjere den mekanisk ved å gå over til motvektsprinsippet som drivkraft. Ei evt. ombygging vil medføre at det lyt monterast opp ein ekstra vaier. Denne vil gå i same trasé som i dag vert nytta. Grunna oppsetting av ny vaier må tiltaket søkjast om, og ha løyve frå vernemynda på førehånd. Å gå over frå bruk av motor til motvekt som drivkraft har den føremona at ein med det unngår både støy og forureining.

Grunneigarane på Øvste Stigen ynskjer opning for/høve til å setje opp att den nedlagde taubana ved Øvste Stigen. Dette vil være eit søknadspliktig tiltak etter § 4 i verneforskrifta (unntak i særskilde tilfelle), dvs. at det må vurderast om tiltaket er eit spesielt tilfelle som ikkje er i strid med formålet med vernet. Tiltaket må m.a.o. ha løyve frå vernereglane på førehånd.

Ved omfattande/store transportoppdrag (som bygging) vil ofte helikopter vere den beste transportløysinga, særleg i bratt terreng (må ha dispensasjon frå vernereglane på førehånd).

Kai

Ny kai til erstatning for den øydelagde kaia som ligg ved sida av dagens kai. Steinkai vert tilrådd.



Figur 27 Kaia. Tidlegare steinkai låg til høgre for den vesle trekaia. Her er trong for ny tilrettelegging.
Foto: Tom Dybwad.

Båtopptrekk

Det er båtopptrekk for kajakk innanfor den nye kaia. Det bør stå opplysning om at kajakkane lyt ligge stødig og opp ned.

Informasjonsoppslag og skilt

Ved fjorden bør settast opp ein **informasjonsplakat**. Plakaten lyt utformast etter mal nytta elles i verdsarvområdet. På oppslaget bør ein få med innformasjon om høgdegarden Stigen, turmoglegheiter, omsyn til beitedyr og vilt, verne- og verdsarvområde, oppmoding om å unngå bruk av open eld, og kart over Nærøyfjordområdet.

Ved stikryset under tunet på Nedste Stigen bør det kome opp eit nytt **skilt** med oppmoding å fylgje hovudstien, og gå utanom tunet.

Det bør setjast opp nye **stadnamnskilt** etter mal for verdsarvområdet på desse plassane: Nedste Stigen, Øvste Stigen, Mørkvollen, Fristølen, Åsen (på begge dei framleis opne stølsvollane), Beitelen og Fjellstølen (Fjellstølen er ikkje inkludert i kartvedlegga).

Det bør verte sett opp **retningsskilt** etter mal for verdsarvområdet i stikryss. Mot Undredal bør det verte opplyst at stien ikkje er merkt. Tiltrådd plassering vert synt i kartet:

- Nedste Stigen, nedanfor tunet mot sørvest: Beitelen, Til fjells
- Øvste Stigen, i tunet mot sør: Fristølen, Til fjells, Undredal (umerkt)
- Øvste Stigen, i tunet mot vest: Åsen, Beitelen
- Fjellstølen (utanfor kartvedlegget), mot sør: Undredal (umerkt)

Benkar

Det bør verte sett opp benkar og evt. eit bord nær tunet på Nedste Stigen for å gje moglegheit for rast her utan å delta i arrangement på garden. Forslag til utplassering på punkt "g" i kartet.

Rydding av utsikt

På den nedste stølsvollen på Åsen og på Beitelen bør ein rydde lauvoppslag for å syte for å halde utsikten open.



Figur 28 Utsikta frå stølen Åsen er viktig å halde open.

Framrydding av veg for mindre rundtur

Det ville vere positivt å rydde fram den gamle vegen mellom dei to brukar og utslår under Øvste Stigen. Dette vil opne moglegheita for mindre rundturar under besøk på Stigen. Det vil også gje moglegheit til å syne fram utnyttinga av utmarka. Stien er teikna inn i vedleggskartet, men tiltaket er ikkje nummerert.

Tabell 2 Stadfesta tilretteleggingstiltak, nummerert nedanifrå. Sjå vedlegg 4 og 5 for kartfesting av tiltak.

id	Tiltak	Skilttekst
a	Ny kai	
b	Opptrekk for kajakk	
c	Informasjonsplakat	Informasjon, oversiktsskart, omsyn
d	Namneskilt	Mørkvollen
e	Nytt skilt	Gjer vel å fylgje hovudstien utan tunet
f	Nytt skilt	Beitelen, Til fjells
g	Namneskilt	Nedste Stigen
h	Bord m. benker	
i	Namneskilt	Øvste Stigen
j	Nytt skilt	Fristølen, Til fjells, Undredal
k	Nytt skilt	Åsen, Beitelen
l	Namneskilt	Fristølen
m	Namneskilt	
n	Rydde utsikt	
o	Namneskilt	
p	Namneskilt	Beitelen
q	Rydde utsikt	
r	Taubane, ombygging	

6.3 Skjøtsel av landskap og vegetasjon

6.3.1 Delområde 1: Beite langs fjorden

Målet med skjøtselen er å halde på den landskapstypen og vegetasjonen ein har i dag. Beste måten å få til det er å halde på den tradisjonelle driftsforma, med beite av killingar og geiter. Teigane 1.1. og 1.2 har aktiv drift. I teig 1.1 er det forsommarbeite av geit. Tilgjengelege ressursar pr. i dag: 15 – 20 geiter vest for Kolda, i underkant av 50 geiter aust for Kolda. I teig 1.2 er det midtsommarbeite av geit. Tilgjengelege ressursar pr. i dag: i underkant av 50 geiter. For å legge betre til rette for drifta bør ein gjennomføre eit par enkle tiltak:

- Nyoppføring av kort gjerde på undersida av stien like etter grinda (nemnd som tiltak på vegen).
- Vedlikehald av gjerde mellom forsommar og midtsommarbeitet.
- Påpassing av at grinda på vegen opp til Stigen er i god stand og vert halde att (sjå kap. 6.1).

Teig 1.3 er ikkje skjøtta pr. i dag, men det er berre få år sidan geiter beita på teigen. Området har tynt jordsmonn, mykje berg i dagen og soleksponert. Plassen tørkar ut utover sommaren, slik at mest aktuelle beitetid er på forsommar. Geit er einaste aktuelle beitedyr i dette terrenget. Ein bør nytte vaksne geiter, som i mindre grad enn killingar ”fotfylgjer” folk. Ein bør unngå samanblanding av flokkane langs fjorden og flokken i teig 1.3 som vil tilhøyre Nedste Stigen. Restaurering og vedlikehald av vegen (sjå kap. 6.1) vil vere naudsynt for å kunne gjennomføre denne skjøtselen.

Tabell 3 Forslag på tiltak for dei einskilde teigane i delområde 1.

Nr	Engtype	Tiltak	Namn	Pri
1.1	Urterik eng	Geitebeite (20 geiter) forsommar	Fjordteigen	1
1.2	Urterik eng	Geitebeite (50 geiter) sommar	Trosnes - Russaskori	1
1.3	Rik tørreng	Beite	Vegteigen	1

6.3.2 Delområde 2: Nedste Stigen

Målet med skjøtselen i delområdet er å oppnå ein mosaikk av slåtteteigar og beite. Kantsonar og ein del av teigane kan haldast i hevd gjennom styrt beite (småfe). Andre bør ein slå for å holde på inntrykket av aktiv drift og nokre bør ein slå for å bevare artsmangfaldet. Tiltakskartet syner fordelinga av teigar på dei ulike skjøtselsregima.

Den siste formen for skjøtsel på Nedste Stigen har vore ein geiteflokk på 10 - 20 vaksne dyr som har gått på plassen heile året. Geitene har gått fritt. I tillegg har dei frodigaste slåtteteigane vorte slege (teig 2.2, 2.3, 2.10, 2.13 og 2.17), men alle har ikkje vorte slegne kvart år. I ein periode på 90 talet vart også urterike småenger i teig 2.1 slege kvart år.

Det er ikkje dyr på Stigen pr. i dag med eigarane ynskjer å reetablere ein flokk på 10 – 20 vaksne geiter. Med vinterbeite vil desse kunne halde kratt- og buskoppslag effektivt unna. Med frittgåande geiter vil beitepresset likevel vere for lavt i sommarhalvåret til å oppnå ynskt resultat for teigane som er tilrådd skjøtta med beite i dette delområdet.

Styrt beite, med flyttbare el-gjerder for å halde beitedyr inne på ynskt areal vert tilrådd i tillegg. Dyra kan då verte flytt frå teig til teig der det er trong for auka beitepress. Eigaraner ynskjer å etablere ein saueflokk på 10 – 20 dyr. Det vil passe godt å nytte desse til styrt beite.

Dersom ein ikkje får høve til å nytte sau i styrt beite vert det tilrådd å gjerde geitene inne om sommaren, ved å setje opp fast straumgjerde kring heile innmarksområdet på garden. Dette vil gje kring 980 m straumgjerde (måling utført på kart).

Med frittgåande dyr vert ikkje beitepresset større enn at ein framleis vil kunne slå dei urterike teigane med ynskt resultat (eigarane har tidlegare god erfaring med dette). Dersom ein nytter inngjerding av heile innmarksområdet, og har geitene innafor dette, bør dei urterike engene gjerdast ute med flyttbare straumgjerde fram til slåtten. Dette fordrar at ein har trenat geitene på slike gjerde.

Maskinell slått (slåmaskin) med lettast mogleg reiskap bør nyttast der det er mulig, for å spare arbeidsmengd. Det vert frårådd å nytte motorljå på artsrike enger (lett slåmaskin er OK også her, om ein kjem til).

Slått av urterike enger bør verte gjort seint for å tillate artane å frø seg. Av same grunn bør graset få lov å tørke før det vert fjerna. Alt slege gras lyt fjernast.

Tabell 4 Forslag på tiltak for dei einskilde teigane i delområde 2.

Tyding av tabellen:

”Geitebeite sommar” tyder beite med opp til 20 geit med *gjerde kring innmarka*

”Beite av frie dyr” tyder geitebeite av opp til 20 *heilt frittgåande* geiter

”Styrt beite” tyder beiting av sau (evt. geit) inngjerda på avgrensa areal med flyttbart straumgjerde. Der ikkje anna er nemnd er beite med frie dyr heile sommaren OK.

Nr	Engtype	Tiltak	Namn	Pri
2.0	Kantsoner	Beite av frie dyr, styrt beite + flekkvis rydding om behov	Kantsoner	2
2.1	Urterik eng	Beite av frie geiter, styrt beite etter behov		1
2.1a	Urterik eng	Slått tidleg juli, ope for fritt beite etter dette		1
2.1b	Urterik eng	Slått tidleg juli, ope for fritt beite etter dette		1
2.1c	Urterik eng	Slått tidleg juli, ope for fritt beite etter dette		1
2.2	Gjødsla eng	Slått tidleg juli		1
2.3	Høgstaude	Slått sein juni	Mørkvollen	1
2.4	Fattig tørreng	Beite av frie dyr		2
2.5	Fattig tørreng	Slått juni/juli, beite OK også på forsommars		2
2.6	Gjødsla eng	Slått sein juni		1
2.7	Fattig frisk	Beite av frie dyr, forsiktig styrt beiting om ein likevel får attgroing med vedartar.		1
2.8	Nitrofil	Styrt beiting eller geitebeite sommar		1
2.9	Gjødsla eng	Slått sein juni	Bestemoråkeren	1
2.10	Gjødsla eng	Slått sein juni	Storeteigen	1
2.11	Nitrofil	Styrt beiting eller geitebeite sommar		2
2.12	Gjødsla eng	Slått sein juni		2
2.13	Gjødsla eng	Slått sein juni	Potetåkeren	1
2.14	Fattig frisk	Beite med frie dyr. Slått tidleg juli positivt, men 3. pri.		2
2.15	Høgstaude	Slått tidleg juli		2
2.16	Nitrofil	Beite med frie dyr		3
2.17	Høgstaude	Slått tidleg juli	Tunet	1
2.18	Tun	Tun	Tunet	1

6.3.3 Delområde 3: Slåtte- og hagemark mellom gardane

Dette delområdet ligg mellom dei to gardane. Det er prioritert lågare enn innmarksareala kring gardstuna, men har likevel stor verdi både historisk, pedagogisk og landskapsmessig. Eit mål for skjøtselen bør være å halde på kulturmarksstrukturane med bjørkehage, bakkekurer og små teigar, som gjerne er romleg avgrensa av flotte lauvingsbjørker i underkant. Beite og slått i engene er ikkje prioritert utanom i ein utvald ”demonstrasjonsteig”. Slike tiltak vil likevel vere positivt for artsmangfaldet i engene og motvirke attgroing.

Mellom slåtteteigane er Hestebakken vald ut som døme. Enga ligg langs vegen mellom dei to gardane og er eit fint innslag som illustrerer denne måten å utnytte småteigar i utmarka på for turgåarar. Dei andre småteigane er ikkje skilde ut, men ligg i teig 3.3 som er ein mosaikk av slåtteteigar og kantsonar med lauvkratt, lauvingsbjørker, røys og skrentar.

Det vert tilrådd rydding av ungskog i delar av bjørkehagen og i kantar av småteigar med restar av eng. Ved frittgåande geiter på Nedste Stigen (sjå kp. 6.3.2) vil også dette området kunne verte beita noko. Særleg vil vinterbeite vere effektivt mot lauvoppslag.

Tabell 5 Forslag på tiltak for dei einskilde teigane i delområde 3.

Nr	Engtype	Tiltak	Namn	Pri
3.1	Fattig frisk	Slått	Hestebakken	1
3.2	Bjørkehage	Rydding	Bjørkehage	3
3.3	Fattig frisk	Rydding	Utslåttar	3

6.3.4 Delområde 4: Øvste Stegen

Målet for skjøtselen er å halde på preget av ein høgdegard med eit ope kulturlandskap. Totalt sett er tilrådde skjøtselsteigar ved Øvste Stigen mindre findelt enn ved nedste Stigen. Dette av di ein dels finn større samanhengande einingar her, og dels at garden er mindre nytta av folk og har eit lågare krav til å gje inntrykk av aktiv drift. Det er likevel svært viktig å sette inn tiltak for å halde landskapet ope og unngå vidare attgroing. Ein bør hindre buskoppsslag og kjempe tilbake ein del av nitrofiseringa av engene. Ein lyt tillate at utkantane, t.d. tungene med slåttemark som går ned i skogen, gror att. Desse er ikkje inkludert i plankartet.

Slåtten kan verte gjort maskinelt der terrenget tillet det. For maskinell slått på Øvste Stigen er det naudsynt med doble hjul (pers. med K. A. Stigen). Biomassen lyt fjernast etter slått. Det vert tilrådd at graset om mogleg får tørke før det vert fjerna for å gje moglegheit for artane å frø seg. Teigen over vegen og teigen nærmast skogen har ikkje lengre slåttepreg. Skjøtsel med beitedyr vert tilrådd her. OBS: *Det finst framleis restar etter hesjer som ligg att i enga!*

Tabell 6 Forslag på tiltak for dei einskilde teigane i delområde 4.

Nr	Engtype	Tiltak	Namn	Pri
4.1	Høgstaude	Slått		2
4.2	Gjødsla eng	Slått		1
4.3	Tun	Tun		1
4.4	Gjødsla eng	Slått		1
4.5	Nitrofil	Rydding		2
4.6	Høgstaude	Slått		2
4.7	Nitrofil	Styrt beite		3
4.8	Nitrofil	Styrt beite		3

6.3.5 Delområde 5: Stølar, haustingsskog og hagemark

Delområde 5 har stor pedagogisk verdi, då det syner utnyttinga av utmarksareal og stølsdrift. På Fristølen bør målet med skjøtselen være å halde stølsvollen open, og få fram igjen steingardane som har halde beitedyra ute frå viktige teigar. Stølen Åsen er og kulturhistorisk viktig, og ein bør freiste å ta vare på sela og halde på dei opne areala kring sela. Ein minimumsskjøtsel for å halde stølsvollane opne vil vere å slå ned bringebær om hausten og sette inn beitedyr påfølgande vår, vidare skjøtsel ved beite. Utsikten frå stølane er viktige i opplevingssamanheng. Både her og på Beitelen kan ein halde utsikten god ved å rydde ei sone med ung lauvskog.

Bjørkehagen og haustingsskogen er og flotte kulturlandskapselement ein bør freiste å ta vare på. Areala er ikkje gjeven høy prioritet, men er inkludert i planen for å vise at dette er element som peikar seg ut som viktige for opplevinga at det heilskaplege kulturlandskapet knytt til garden Stigen. Lokalitetane aukar forståinga av utnyttinga av ressursane i utmarka og dermed heile driftsforma på høgdegarden. I Bjørkehagen kan ein i område nær stien rydde oppslag av unge lauvtre for å framheve hagemarkspreget. Der tre går ut kan ein sleppe opp unge tre, og forsiktig forme dei ved beskjæring. Beiting vil være positivt, og bringe tilbake eit engprega feltsjikt, men tiltaket vil krevje mange frittgåande beitedyr eller ein del arbeid med inngjerding og tilsyn.

Tabell 7 Forslag på tiltak for dei einskilde teigane i delområde 5.

Nr	Engtype	Tiltak	Namn	Pri
5.1	Nitrofil	Beite	Fristølen	3
5.2	Bjørkehage, blokkmark	Rydding	Haustingsskog	3
5.3	Nitrofil	Beite	Åsen, nedst	3
5.4	Nitrofil	Beite	Åsen, øvst	3
5.5	Bjørkehage, skogbotn	Rydding	Beitelen	3

Kjelder

Bryhni, I. 1977. Berggrunnsgeologisk kart Aurland 1416 IV, M 1:50 000. Preliminær utgave.
Noregs geologiske undersøkelse.

Flyfoto: S71 – 949 – H9, H10, I4, I5 og I6. Utlånt av Fylkeskartkontoret på Leikanger.

Fremstad, E. 1997. Vegetasjonstyper i Norge. NINA temahefte 12.

Fremstad, E. og Moen, A. 2001. Truede vegetasjonstyper i Norge. NTNU vitenskapsmuseet,
Rapport botanisk serie 2001 – 4.

Fylkesatlas: <http://www.fylkesatlas.no>

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 2008. Forvaltningsplan Vestnorsk fjordlandskap,
delområdet Nærøyfjorden.

GeoLeksi (geologisk leksikon på nett): <http://alun.uio.no/geomus/leksi/>.

Klakegg, O., Nordahl-Olsen, T., Sønstegaard, E. og Aa, A. R. 1989. Sogn og Fjordane fylke,
kvartærgeologisk kart – M 1:250 000. Noregs geologiske undersøkelse.

Moen, A. 1998. Nasjonalatlas for Norge: Vegetasjon. Statens kartverk, Hønefoss.

Mossberg, B. og Stenberg, L. 2007. Gyldendals store nordiske Flora, revidert utgave.
Gyldendal Norsk Forlag AS.

NGU, kart- tenester på nett: <http://www.ngu.no>

Norderhaug, A. 1999. Skjøtselsboka for kulturlandskap og gamle norske kulturmarker.
Landbruksforlaget.

Norges sommerfugler: <http://www.toyen.uio.no/norlep/>.

Ohnstad, Å. 2006. Aurland Bygdebok; Undredal og Nærøy; gard og ætt. Aurland Sogelag
2006.

Økonomisk kartverk

Munnlege kjelder:

Dee Cunningham, grunneigar Nedste Stigen

Hege Strømme, grunneigar, Nedste Stigen

Arnhild Margrethe Stigen, grunneigar og tidlegare busett, Øvste Stigen

Kjell Arne Stigen, siste brukar på Øvste Stigen

Ivar Bjarne Underdal, grunneigar langs fjorden

Stig Arne Borlaug, grunneigar langs fjorden

Magne Underdal, grunneigar langs fjorden

Tom Dybwad, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, miljøvernavdelinga

Vedlegg:

Vedlegg 1: Verneforskrift for Nærøyfjorden Landskapsvernområde

Vedlegg 2: Tabelloversikt over skjøtselsteigar

Vedlegg 3: Plankart; tilrådingar til tiltak, vegetasjon

Vedlegg 4: Plankart; tilrettelegging for friluftsliv og problempunkt på vegen, nedre del

Vedlegg 5: Plankart; tilrettelegging for friluftsliv og problempunkt på vegen, øvre del

Vedlegg 6. Temakart; Kulturmarkstypar

Vedlegg 7: Temakart; Prioritering av skjøtselsteigar

Stigen; skjøtsels og tilretteleggingsplan; Vedlegg 1
Verneforskrift, Nærøyfjorden landskapsvernområde

**FORSKRIFT OM VERN AV NÆRØYFJORDEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE
I KOMMUNANE AURLAND OG VIK I SOGN OG FJORDANE FYLKE OG
VOSS KOMMUNE I HORDALAND FYLKE.**

Fastsett ved kgl. res. 8.11.02. med heimel i lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 5¹ og § 6 jfr. §§ 21, 22 og 23. Fremma av Miljøverndepartementet.

§ 1. AVGRENSING

Landskapsvernområdet gjeld følgjande gnr./bnr.:

Aurland kommune: 1/1, 2, 3, 2/1, 2, 3/1, 5/1, 4, 5, 8, 9, 10, 11, 7/1, 2, 8/1, 5, 6, 12/1, 30/1, 2, 3, 4, 6, 9, 14, 31/4, 33/1, 38/1, 2, 3, 8, 12, 13, 37, 48/1, 3, 5, 49/1, 2, 4, 6, 7, 8, 16, 50/1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 9, 14, 51/1, 2, 6, 15, 16, 17, 18, 19, 20, 21, 22, 24, 27, 28, 32, 33, 34, 40, 42, 43, 44, 48, 52, 53, 60, 108, 52/1, 3, 4, 5, 53/1, 2, 55/1, 2, 56/1, 58/1, 2, 59/1, 2, 3, 4, 5, 9, 60/1, 2, 3, 4, 8, 61/1, 2, 3, 5, 6, 8, 62/1, 64/1, 2, 4, 5, 6, 9, 16, 20, 24, 65/1, 2, 3, 4, 5, 6, 66/1, 67/1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 9, 10, 69/1, 2

Vik kommune: 135/2, 4, 7, 8, 136/2, 4, 5, 9, 10, 12, 13, 137/2, 3, 6, 8, 138/1, 3, 4, 139/1, 3, 4, 140/1, 3, 4, 7, 8, 10, 13, 14, 15, 17, 18, 21, 22, 26, 32, 141/1, 4, 6, 10, 142/1, 2, 3, 5, 143/1, 144/1, 2, 3, 4, 5, 145/1, 146/1, 147/4, 148/1, 2, 3, 4, 23, 149/1, 2, 3, 7, 10, 11, 13, 150/1, 2

Voss kommune: 80/1 ,4, 149/3, 4, 150/1, 4, 331/1, 332/1, 2, 4, 6, 15, 26, 28, 333/1, 3, 334/1, 2, 4, 335/1, 2, 3, 4, 5, 7, 336/1, 337/1, 2, 3, 4, 5, 338/2

Det samla arealet, inkl. sjø, er på ca 576 km², landareal på ca 547 km². Grensene for landskapsvernområdet framgår av vedlagde kart i målestokk 1:50 000 datert Miljøverndepartementet oktober 2002.

Kart og verneforskrift finst i Miljøverndepartementet, i Direktoratet for naturforvaltning, hos fylkesmannen og i kommunane med areal i landskapsvernområdet.

§ 2. FØREMÅL

Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruksdrift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter.

§ 3. VERNEREGLAR

1. Landskapet, plante- og dyrelivet.

1.1 Området er verna mot alle inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter.

¹ Retta av Miljøverndepartementet 11. november 2002

Stigen; skjøtsels og tilretteleggingsplan; Vedlegg 1 Verneforskrift, Nærøyfjorden landskapsvernområde

Dette gjeld til dømes:

- a) Bergverksdrift, vassdragsregulering, bygging av vegrar, oppsetjing og riving av bygningar, oppføring av anlegg og faste innretningar, framføring av luftleidningar og jordleidningar, drenering og anna form for tørrlegging, sprenging, masseuttak, utfylling, planering og lagring av masse, lausbryting og fjerning av stein og mineral, bruk av kunstgjødsel og kjemiske sprøytemiddel i utmark, fjerning eller inngrep i verdfulle kulturminne så som gamle vegrar og steinmurar. Opplistinga er ikkje uttømmande.
- b) Nydyrkning, endring av samansetnaden av naturleg treslag ved skogkultur, flatehogst, felling av særmerkte og dekorative tre og daude tre som er med på å prege landskapet og som er viktige for dyrelivet.

Forvalningsstyresmakta avgjer i tvilstilfelle om eit tiltak vil endre landskapets art eller karakter vesentleg eller på annan måte er i strid med føremålet med vernet. Dersom omsynet til verneverdiane gjer det naudsynt, kan Direktoratet for naturforvaltning fastsetje nærmare reglar om ferdsle.

1.2 Reglane i 1.1 er likevel ikkje til hinder for:

- a) Landbruksdrift på eksisterande innmark. Drifta må ta omsyn til landskapet sitt sær preg og spesielle karakter.
- b) Beiting, rydding av beite, slått og lauving, når dette ikkje strir mot verneformålet.
- c) Vedlikehald av bygningar, gjerde, bruer, klopper, vegrar og stiar og stenging av skorfeste og oppsetting av kve. Alt slikt arbeid skal ta utgangspunkt i tradisjonell byggeskikk på staden når det gjeld utforming, fargar og materialbruk. Arbeidet skal ikkje medføre vesentlege endringar av fasade på bygningen.
- d) Hogst, men ikkje samanhengande flater større enn fem dekar.
- e) Vanleg vedlikehald av eksisterande kablar, luftleidningar, vatningsveiter, løypestreng, gjerde m.m.
- f) Jakt og fiske etter gjeldande regelverk.
- g) Gjennomføring av militær øving/trening i eksisterande sikkerhetssone for Forsvarets skyte- og øvingsfelt.
- h) Drift og vedlikehald av kystverket sine anlegg, og ferdsel i samband med dette arbeidet.

1.3 Forvalningsstyresmakta, eller den som vert tillagt mynde, kan gi løyve til:

- a) Endra bruksformer i landbruket i samsvar med driftsplan.
- b) Oppføring av nybygg i samband med landbruk, turlagsverksemnd og oppsyn. Utforming av nybygg skal vere tilpassa landskap og tradisjonell byggeskikk.

Stigen; skjøtsels og tilretteleggingsplan; Vedlegg 1
Verneforskrift, Nærøyfjorden landskapsvernområde

- c) Påbygging, ombygging eller riving av bygningar og anlegg. Påbygging og ombygging skal vere tilpassa landskap og tradisjonell byggjeskikk
- d) Tilrettelegging av enkle traktorløyper for uttak av trevirke og i beitebruksamanheng.
- e) Utbetring og rassikring av vegen mellom Gudvangen og Bakka og vegen til Jordalen.
- f) Oppsetting av nye gjerde (som ikkje gjeld stenging av skorfeste og oppsetting av kve), oppmerking og varding av nye fotturruter og nybygging av bruer og klopper.
- g) Ras- og flaumsikring av busetnad og innmark.
- h) Skogsdrift på flater større enn fem dekar i samsvar med driftsplan.
- i) Etablering av luftesjakter som er naudsynt i samband med underjordisk drift av mineral med uttaksstad utanfor verneområdet.
- j) Nyetablering av kystverket sine anlegg.

2. Motorferdsel

2.1 Motorferdsel på land og i vatn/vassdrag er forbode, likeins lågtflyging under 300 meter og landing. Med landing meiner ein òg henting og bringing av passasjerar og gods sjølv om landing i eigentleg forstand ikkje skjer.

2.2 Reglane i 2.1 er likevel ikkje til hinder for:

- a) Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltningsverksemd.
- b) Motorferdsel på fjorden, herunder å gå til land eller kai. Maksimum fart forbi Skalmenes-Bleiklindi er 8 knop. Fartsreduksjonen gjeld ikkje båtar under 30 fot.
- c) Motorferdsel på dei offentlege bilvegane i landskapsvernområdet.
- d) Naudsynt motorferdsel i samband med landbruksdrift på landbruksvegar og i nærleiken av innmark og på traktorløyper godkjende i forvaltningsplan.
- e) Naudsynt motorferdsel på vinterføre til landbruksdrift som frakting av ved eller hogstvirke, gjerdeutstyr, saltsteinar eller materialar til vøling av stølar o.l. Motorkøyretøy kan på vinterføre nyttast til uthenting av ved frå eigen eidegom til fast bustad.
- f) Naudsynt luftransport i samband med landbruksdrift. Luftransport skal meldast til oppsynet før transporten tek til.

**Stigen; skjøtsels og tilretteleggingsplan; Vedlegg 1
Verneforskrift, Nærøyfjorden landskapsvernområde**

- g) Militær lågtflyging.
- h) Motorferdsel i samband med militær øving/trening i eksisterande sikkerhetssone for Forsvarets skyte- og øvingsfelt.
- 2.3 Forvalningsstyresmakta, eller den som vert tillagt mynde, kan gje løyve til luft- og snøscootertransport av materiale til hytter, bruer m.v. og av brensel, utstyr og proviant til hytter og stolar. Traséane for snøscootertransport skal teiknast inn på kart.

§ 4. UNNTAK I SÆRSKILDE HØVE

Forvalningsstyresmakta kan gjere unntak frå verneforskrifta når føremålet med vernet krev det, for vitskaplege undersøkingar, for arbeid av vesentleg verdi for samfunnet, eller i spesielle tilfelle, når det ikkje strir mot føremålet med vernet.

§ 5. FORVALTNINGSPLAN

Det skal utarbeidast ein forvaltningsplan med nærmare gitte retningsliner for forvaltning, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon m.v. Forvaltningsplanen skal godkjennast av Direktoratet for naturforvaltning. Forvalningsstyresmakta, eller den forvalningsstyresmakta gjev fullmakt, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremje føremålet med vernet.

§ 6. FORVALTNINGSTYRESMAKT

Direktoratet for naturforvaltning avgjer kven som skal ha forvaltningsmynde etter forskrifta.

§ 7. RÅDGJEVANDE UTVAL

Det kan nemnast opp eit rådgjevande utval for landskapsvernområdet.

§ 8. IVERKSETTING

Denne forskrifta trer i kraft straks.

Stigen; skjøtsels og tilretteleggingsplan; Vedlegg 2
Skjøtselsteigar, samletabell


Del- Eining omr.	Nr	Engtype	Tiltak	Namn	Pri
1 Beite langs fjorden	1.1	Urterik eng	Geitebeite forsommer	Fjordteigen	1
1 Beite langs fjorden	1.2	Urterik eng	Geitebeite sommer	Trosnes - Russaskori	1
1 Beite langs fjorden	1.3	Rik tørreng	Beite	Vegteigen	1
			Beite av frie dyr, styrt beiting og flekkvis		
2 Neste Stegen	2.0	Kantsoner	rydding etter behov	Kantsoner	2
2 Neste Stegen	2.1	Urterik eng	Geitebeite sommar, styrt beite etter behov		1
2 Neste Stegen	2.1a	Urterik eng	Slått tidleg juli, ope for fritt beite etter dette		1
2 Neste Stegen	2.1b	Urterik eng	Slått tidleg juli, ope for fritt beite etter dette		1
2 Neste Stegen	2.1c	Urterik eng	Slått tidleg juli, ope for fritt beite etter dette		1
2 Neste Stegen	2.2	Gjødsela eng	Slått tidleg juli		1
2 Neste Stegen	2.3	Høgstaude	Slått sein juni	Mørkvollen	1
2 Neste Stegen	2.4	Fattig tørreng	Beite av frie dyr		2
2 Neste Stegen	2.5	Fattig tørreng	Slått juni/juli, beite OK også på forsommar		2
2 Neste Stegen	2.6	Gjødsela eng	Slått sein juni		1
			Beite av frie dyr, forsiktig styrt beiting om ein likevel får attgroing med vedartar.		
2 Neste Stegen	2.7	Fattig frisk	Geitebeite sommar eller styrt beiting		1
2 Neste Stegen	2.8	Nitrofil	Slått sein juni	Bestemoråkeren	1
2 Neste Stegen	2.9	Gjødsela eng	Slått sein juni	Storeteigen	1
2 Neste Stegen	2.10	Gjødsela eng	Geitebeite sommar		
2 Neste Stegen	2.11	Nitrofil	eller styrt beiting		2
2 Neste Stegen	2.12	Gjødsela eng	Slått sein juni		2
2 Neste Stegen	2.13	Gjødsela eng	Slått sein juni		1
			Beite med frie dyr. Slått tidleg juli positivt,		
2 Neste Stegen	2.14	Fattig frisk	men 3. pri.	Potetåkeren	2
2 Neste Stegen	2.15	Høgstaude	Slått tidleg juli		2
2 Neste Stegen	2.16	Nitrofil	Beite med frie dyr		3
2 Neste Stegen	2.17	Høgstaude	Slått tidleg juli	Tunet	1
2 Neste Stegen	2.18	Tun	Tun	Tunet	1
3 Utmarksteig	3.1	Fattig frisk	Slått	Hestebakken	1
3 Utmarksteig	3.2	Bjørkehage	Rydding	Bjørkehage	3
3 Utmarksteig	3.3	Fattig frisk	Rydding		3
4 Øvste Stegen	4.1	Høgstaude	Slått	Hovudenga	2
4 Øvste Stegen	4.2	Gjødsela eng	Slått	Hovudenga	1
4 Øvste Stegen	4.3	Tun	Tun	Hovudenga	1
4 Øvste Stegen	4.4	Gjødsela eng	Slått	Hovudenga	1
4 Øvste Stegen	4.5	Nitrofil	Rydding	Hovudenga	2
4 Øvste Stegen	4.6	Høgstaude	Slått	Hovudenga	2
4 Øvste Stegen	4.7	Nitrofil	Beite		3
4 Øvste Stegen	4.8	Fattig frisk	Beite		3
5 Støl og hagemark	5.1	Nitrofil	Beite		3
5 Støl og hagemark	5.2	Bjørkehage, blokkmork	Rydding	Haustingsskog	3

Stigen; skjøtsels og tilretteleggingsplan; Vedlegg 2
Skjøt selsteigar, samletabell

5	Støl og hagemark	5.3	Nitrofil	Beite	3
5	Støl og hagemark	5.4	Nitrofil Bjørkehage, skogbotn	Beite	3
5	Støl og hagemark	5.5		Rydding	3


Kulturmarkstypar


Stigen; skjøtsels og tilretteleggingsplan; Vedlegg 3




Tilrettelegging for friluftsliv Problempunkt på vegen nedre del

Stigen; skjøtsels og tilretteleggingsplan; Vedlegg 4






Tilrådingat til tiltak vegetasjon



Bæteien



Prioritering av skjøtselsteigar





Utsikt frå Åsen over Stigen og mot Undredal. Foto: Tom Dybwad